



# ISFLAKET

Polarmagasin frå Ishavsmuseet. Nr. 2– 2020 22. årgang kr. 80,-

## **Leiar:**

Det har vore ein underleg vår. Vi har lært oss mange nye ord som korona-stengt, koronakarantene, korona-frisyre, korona-fast og mange fleire. Vi har lært oss nye måtar å helse på, vi har lært oss å halde avstand, og det meste av møter skjer no via ein pc-skjerm. Som så mange andre har også Ishavsmuseet halde stengt sidan 12. mars, og er det enno i skrivande stund. Den dagen dei strenge koronatiltaka kom på plass var det ikkje lenger mogleg for museet å halde dørene opne. Men styremaktene har byrja ei forsiktig igjen opning, og her på Ishavsmuseet gler vi oss stort til å kunne opne dørene igjen så små og store kan få ta del i den spanande historia vår.

I byrjinga av mars månad hadde Ishavsmuseet så pass med bookingar frå grupper og ulike arrangement at vi gledde oss stort for ein besøksoppgang i høve fjaråret. Over natta vart alt dette avlyst, og organiserte turar frå buss og båt vart avlyste til langt ut i august. Likeså med polarkveldar, søndagsforedrag, og andre arrangement. Når dette vert skrive har museet vore stengt i snart to månadar. To månadar heilt utan eigeninntekter er tøft. Og med mykje avbestilte turar og arrangement til langt ut på sommaren kan det verte eit særstapt år for Ishavsmuseet.

Vener av museet har arrangert aksjonar med Spleis, og Ishavsmuseets Venneforeining og styret i museet har arrangert digitalt loddsal. Dette hjelper på, men vi er langt i frå å kunne hente inn igjen eit betydeleg tap etter koronakrisa.

Ishavsmuseets Venner har i bladet her annonser med oppmoding om å gje gaver. Mange har gjort dette, og eg utfordrar dei som har moglegheit til dette om å henge seg på. Dette kan gjerast på VIPPS Vippsnr: 126966 til Venneforeininga, til Venneforeininga sin konto på kontonr: 3010 10 17293, eller du kan legge til Ishavsmuseets Venner på grasrotandelen hjå Norsk Tipping.

Har du ein polarinteressert ven eller nabo kan du også tipse om å verte støttemedlem i

Ishavsmuseets Venner og då også motta polarmagasinet Isflaket i posten.

Det vil heilt klart verte ein annleis sommar enn det som vi hadde sett føre oss, og planlagd etter. Men i år skal alle nordmenn feriere i eige land, og det er slett ikkje ein dårlig idé. Noreg har mykje å by fram. Turistar frå andre land har oppdaga det tidlegare. No er det nordmenn sjølv sin tur å vere turist i eige land. Reiser du gjennom fagre Sunnmøre i år håpar eg du tek turen innom Ishavsmuseet. Dersom ferieturen din ikkje går forbi oss, så besök eit anna museum på turen. Det er mange flotte museum som fortuna eit besök. Støtt det lokale næringsliv og den norske kulturarven.

I denne utgåva av Isflaket vil du finne tre artiklar av Johannes Alme. Alme har vore engasjert i eit prosjekt ved Ishavsmuseet denne våren. Det kan du lese meir om i bladet. Johannes Alme har intervju og skrive ein fyldig artikkel om Robert Hermansen og tida hans som gruvesjef på Svalbard. Vidare har han møtt Edny Sannes som fortel om ein trivelig oppvekst i Ny-Ålesund på 1950-talet og til sist har han leita fram og skrive om eit 50 års minne om ishavsskuta «Asbjørn» sitt forlis på Newfoundland i 1970.

Vår danske ven Erik Torm har skrive ein flott artikkel om Hans Bruun, «Smørgrosserer-sønnen, der blev polarfarer», og Magnus Sefland har med ein artikkel om nokre norske landstigingar.

I spalten Frå arkivet kan du lese om Solveig Sæterdal sin «overvintrings-bryllaupstur» på Hoelsbu i 1953.

Med ønske om ein fin og koronafri sommar til alle.

Brandal 5. mai 2020  
Webjørn Landmark  
Redaktør

# Fangstmann Georg Bjørnnes fortel frå overvintring:



## Laksefiske

Der er mange feskerike vatn på Svalbard og rikelig med feit, fin laks. Og de fleste vatnan er lett tilgjengelig frå sjøen. Man kan om man vil dra en båt oppi vatnan med nokså rimelig anstrengels. En gang æ reiste opp, så tok æ med i beretning at æ sku feske laks te middagsmat og rusta derfor ut med berre halv proviant. Det var naturligvis vågsomt gjort, det innrømma æ no. Då æ kom opp, bygde æ ei hytta ganske nær et sånt vatn. Æ var godt rusta med laksefeske-redskap, med angla og fortøm og slikt. Te å begynn med gikk det bra. Men han var sterkar og større denne laksen enn æ hadde beregna, slik at æ møste den eine angelen etter den andre. Te slutt hadde æ bære en einaste angel igjen. Det så fælt ut. Skulle æ messe den og, ja så var æ fri for middagsmat, og den øvrige provianten ville ikkje rekke lengre enn te halve tida.

Vel, æ svalt en par daga. Men det så æ jo, at det var ingen hjelp i å gjømme på den siste angelen. Det fikk bære eller breste. Æ gikk opp te vatnet og halte på land en laks. Men så sku æ ha en te laks, te næste dag. Då kom der en veldig rugg av en laks og sleit frå mæ siste angelen. Æ sto der fattig og forlatt. Så gikk æ ned å kokte middag på den siste laksen. Halvparten gjemte æ te neste dag. Æ sku drøye fesken. Men æ var klar over at det var ingen løysing på problemet. Vel, når æ ble heilt fri for laks, så begynte svolten å melde sæ. I tre daga gikk æ og svalt. For å døyve verste svolten, tygde æ på ei tørka sviske. Æ gikk opp te vatnet for iallfall å se laksen. Når æ sto der på bredden, så svømte det laks begge veia. Og æ hadde ingenting å ta han med. Æ ble både arg og sint. Av berre ærgreis spøtta æ den der sviska ut i vatnet. Straks så var der en laks og slukte svisken. Men han likte visste ikkje smaken, for han kom opp med hodet og spøtta ut svisken. Då fekk æ en ide. Æ sprang ned i hytta og hente ei treklubba og meir sviska. Då æ kom opp, slengte æ ei sviske uti. Og straks kom laksen og svælde svisken. Og då han kom opp og spøtta, slo æ han med klubba. Nå blei der ei herlig tid. Når æ fekk bruk for laks, var det berre å gå opp og klubbe sæ et måltid. Heile tida.

## Innhald

Robert Hermansen	side 4
Gruvedrift enkelt forklart	side 17
Nokre norske landstigingar	side 19
Audun Gården til minne	side 22
Edny Ramona Sletten Sannes	side 24
Hans Bruun	side 33
Nytt frå Ishavsmuseet	side 52
Frå arkivet	side 54
Selfangst Newfoundland i 1970	side 57

## ISFLAKET

**Polarmagasin utgitt av Ishavsmuseet og  
Ishavsmuseets Venner.**

Adresse: Ishavsmuseet, Brandalsvegen 28,  
6062 Brandal

Tlf. kontor 700 92 900, mob 95 11 76 44

**Redaksjon:** Webjørn Landmark, redaktør  
[webjorn@ishavsmuseet.no](mailto:webjorn@ishavsmuseet.no)

Opplag 800. Årskontingent / abonnement kr.  
300,- fritt tilsendt. Bedrifter kr. 750,-

[www.ishavsmuseet.no](http://www.ishavsmuseet.no)

[www.ishavsvener.net](http://www.ishavsvener.net)

[www.facebook.no/aarvak](http://www.facebook.no/aarvak)

**Forsidefoto:** «Asbjørn». Foto Peder Sørheim

ISSN 1891-9480

## **Robert Hermansen.**

### **Ikkje akkurat A4**

Av Johannes Bjarne Alme – Prosjektleiar Ishavsmuseet Aarvak.

På sin 81 års dag rydda Robert Hermansen plass i kalenderen til å møte Isflaket og prate om tida i Store Norske Spitsbergen Kullkompani (SNSK).

Det var med forventing og spenning eg ringte på døra nokre minutt før avtala tid i Tromsø. Ein smilande og lettukledd Robert kjem i døra, tek tak i handa mi og trekker meg inn, samstundes som han ønskjer meg velkommen. «Hadde du vore presis hadde eg hatt kle på meg». Smilar den nydusja.

Grunnlaget for samtalen var Store Norske Spitsbergen Kullkompani (SNSK) si utvikling frå eit selskap med store årlege underskot til eit selskap som produserte heilt i verdstoppen. Eg var nyfiken på kva som gjorde dette mogleg, også dei interne prosessane og endringar i organisasjonen. Korleis dette hadde vorte handtert frå leiinga.

Robert Hermansen er fødd 26. februar i 1939. Etter fullført sivilingeniørstudie på NTH og nokre år som vitskapleg assistent mm, gjekk turen til Kirkenes og AS Sydvaranger. På spørsmål frå underteikna om kva han starta som, kjem det kontant «gravemaskinførar».

Forklaringa er at alle nyttilsette starta med eit tre månaders introduksjonskurs i bedrifta, og Robert Hermansen valte då å køyre gravemaskin. Han fekk raskt ei stor kontaktflate og vart kjent med bedrifta. Via stillinga som Overstiger (Overformann) i gruva og Overingeniør, så enda han som direktør.



*Robert Hermansen på sin 81 års dag. Foto Johannes Alme*

AS Sydvaranger hadde lagt mykje inn i kampen for at Noreg skulle verte medlem av EEC(EU). Robert Hermansen var den einaste av funksjonærane og leiarane som var i mot, og det synspunktet hadde han flagga høgt. Kollegaene spådde han kom til å verte sagt opp etter valet, slik vart det ikkje.

Resultat frå avdelingane han hadde leia, med fokus på opplæring og produktivitet, var nok grunnlaget for at han vart spurta om å leie heile bedrifta. Sjølv seier han at ambisjonane på det tidspunktet ikkje var å verte leiar, det heile var litt tilfeldig.

Kvar dag var det læring, fokuset var å produsere og sjå på effektivitet. Og så passa dei på å ta seg ein fest i blant.

Kommunikasjon, medbestemming og læring var stikkord for Robert desse åra. Etter ein diskusjon omkring ei investering i utlandet som Robert var usamd i, vart konklusjonen at han slutta i bedrifta.

Vegen vidare gjekk til LKAB i Narvik. Ei stor bedrift, med svensk kultur og som på dette tidspunktet, i følgje Robert, var svært overbemanna. Med stort engasjement og ingen direktørfakter vart det store endringar, men ingen store konfliktar.

Bedrifta tilbaud fortidpensjon for tilsette heilt ned til 52 år. Like viktig var det at bedrifta var med og bidrog til oppstart av mange ulike bedrifter kring om. Det vart knoppskyting til offshoreindustrien, Olivingruve og andre mindre bedrifter. Styret vart gjort om til norsk modell og Robert Hermansen var ein svært synleg leiar.

I åra frå Robert Hermansen var 45 til han var 60 år, var han administrerande direktør for Odda Smelteverk. Like eins her, han var engasjert og synleg. Det var tøffe tak, men bedrifta heldt seg godt flytande. Det var ei kjekk tid.

I Odda og området kring om, vart han godt kjent, og påstår sjølv at der er mest ikkje ein avkrok i Hardanger han ikkje har halde 17-mai tale. Framleis er han årvisst på reinsjakt saman med venner i fjorden. Sjølv seier han at han ikkje er nokon stor jeger, men han likar godt å vere med på festen etter jakta.

Longyearbyen var frå gammalt av ein skikkeleg Company Town, der SNSK stod for alt. Etterkvart vart skulen og kyrka skild ut, men mykje anna var eig og drive av SNSK. Slik var det til langt ut på 80-talet, med A-, B-funksjonærar og bus, provianten, brennevinslageret, kontroll med all overnatting osv.

### **Styreleiar i SNSK**

I 1987 gjorde industriminister Finn Kristiansen endringar i styret til SNSK, og Robert Hermansen kom inn som styreleiar. Sjølv forklarer han situasjonen slik:

«Næringsdepartementet og regjeringa var ikkje tilfreds med utviklinga og store underskot I

SNSK, så eg fekk spørsmål om å gå inn som styreleiar.

Eg var interessert, så vi diskuterte litt kring om, og under føresetnad av at eg fekk med to kjente inn i styret, takka eg ja. Dei to eg ville ha med var Atle Fornes og Johan Petter Barlindhaug.» I dei innleiande diskusjonane hadde Næringsdepartementet nemnt at SNSK kanskje burde delast opp, slik at SNSK sat att som kullprodusenten, og andre tok seg av drift og utvikling i Longyearbyen. Departementet gav Robert frie hender til å gjere dei omorganiseringane han meinte måtte til for å få selskapet i betre forfatning.

«Vi starta med ei analyse av heile SNSK si verksemrd. Resultatet vart at styret tok opp spørsmålet om splitting av SNSK, og administrasjonen fekk i oppgåve å greie ut dette spørsmålet. I dei komande styremøta syntet det seg at administrasjonen ikkje var interessert i dette, og trenerte saka. For å få framdrift på dette, reiste Robert Hermansen og Atle Fornes til Longyearbyen og fekk spørsmålet på dagsorden, og tok sjølve del i arbeidet. Diskusjonane var gode og det vart raskt foreslått å dele selskapet i fire, samfunnsdrift, næringsutvikling og reiseliv ved sidan av kolutvinning. Utfordringa var at alle ville halde fram i SNSK. Etter nokre diskusjonar, fordeling av rettar som pensjon osv. ordna det seg.

Der var mange dyktige folk som gjekk over til dei tre nye dotterselskapa. Ein av dei største diskusjonane var korleis bygningsmassen skulle fordelast mellom selskapa. Resultatet vart at det selskapet den tilsette arbeida i, vart eigar av bustaden.»

For leiinga i SNSK var dette stor endring. Det tidlegare styret hadde stort sett ikkje engasjert seg i kvardagens utfordringar, no var styreleiaren ein gruvemann med stor engasjement. Dåverande dagleg leiar sa «vårt nærvær er vårt viktigaste produkt.» Ei utsegn



*Stemningsbilde frå Svea. Foto frå Morten H. Johansen*

gruvearbeidaren slett ikkje likte. Det enda med at dagleg leiar slutta.

SNSK held fram med kolutvinning i gruve 3 og gruve 7 i Longyearbyen. Vidare vart det drive ei viss kolutvinning i Svea, kalla driftsprøver etc. Departementet gav munnlege føringar om kor stor produksjonen burde vere. Dei hadde framleis den oppfatninga at dess høgare produksjonen var, dess større underskot ville det verte.

Internt i SNSK var det framleis klassedeling, gruvearbeidarar, A- og B-funksjonærar. Trass dette utdaterte klasseskiljet, var det godt internt samhald i SNSK. Folk var stolt av jobben og arbeidsplassen sin. Ved sidan av produksjonen og omorganisering starta SNSK eit forholdsvis aktivt leiteprogram.

I fjellet over Hjorthamn fant dei ein store førekommst, som dessverre ikkje var lett å drive, og den gongen definert som ikkje drivverdig.

I Sentralfeltet i Svea var dei heldigare og kom over eit skikkeleg stort kolfelt, med kolfløts på

2,5 til 4 meter, ja opp i 6 meter. Reine draumen når ein samanliknar med fløts på t.d. 60 - 80 cm som det var mykje av blant anna i gruve 3.

Styret med ein offensiv Robert Hermansen som styreleiar starta arbeide med å posisjonere selskapet for framtidig gruvedrift i sentralfeltet i Svea. Selskapa som tidlegare var skilde ut vart seld ut av konsernet, like eins med andre omsetteleg eigedomar. Vidare vart det arbeida mykje opp mot det politiske miljøet.

Ut over 90-talet var det fleire gongar forslag om å legge ned koldriften på Svalbard.

Blant anna klarte Svalbard Høgre å stoppe eit programforslag til landsmøtet om stopp i gruvedriften på Svalbard. På dette grunnlag kunne det sjåast som vanskeleg å skulle få fleirtal for å opne ei ny gruve i Svalbard. Styret og Robert Hermansen hadde god tru, og arbeida vidare for å realisere dette.

Styresamansetjinga i SNSK var meir eller mindre uendra i 12 år, noko som er uvanleg for statleg styrte føretak, men noko som Robert Hermansen seier var ein viktig suksessfaktor i SNSK.

På slutten av 90-talet var styret trygg på at det kom til å verte fleirtal for å opne gruva i Svea. Styreleiaren var svært involvert, det var mange samtaler og diskusjonar kring gruve og produksjon.

## Administrerande i SNSK

Robert Hermansen gjekk av som direktør for Odda Smeltevekt på 60-års dagen sin, 26. februar 1999. På kvinnedagen 8. mars ei god veke etter, tok han over som administrerande direktør i SNSK. Internt i styret hadde det i lang tid vore prata om at selskapet skulle klare å drive med overskot. Eksternt vart det no sagt at målet var å drive utan statstilskot.

Ikkje alle i leiinga i selskapet delte Robert Hermansen og styret si optimisme. I følgje Robert tok det litt tid før leiargruppa skjønte og aksepterte den nye måte å styre på. Leiarane som rapporterte til administrerande var därlege på å både gi ordrar vidare og ikkje minst følgje opp avgjersler.

Dette kom fram når administrerande spurte om status på punkta i førre møtereferat. Det vart endring, på tysdagsmøta til administrerande tok Robert med leiargruppa, dei som rapporterte til leiargruppa samt tillitsvalte. Då begynte informasjonsflyten å fungere.

Første tida var det i leiarmøte diskusjon omkring når tid oppgåvene skulle utførast av dei ulike avdelingane. Tradisjonelt vart arbeidet utført når det passa avdelinga, Robert måtte meir enn ein gong presisere at her utfører ein oppgåvne når det passa selskapet.

Der var også folk i leiargruppa og av mellomleiarane som ikkje hadde trua på auka produksjon og lønnsemelding og som då fekk endra posisjon i selskapet eller slutta.

Robert poengterer at dette var nokre få. Han er snar å fortelje om dei mange dyktige og ærekjære medarbeidarar i selskapet som jobba hardt for å utvikle SNSK vidare.

«Fokus var viktig for leiinga, det var gruva og korleis få kolet ut som hadde fokus. Det vart brukt minimal tid t.d. på lønnsoppgjer, det hendte at det var nokre telefonar til dei største industriselskapa i Noreg, for å høyre kva resultat vart der, og så gjorde SNSK det same. Lønnsoppgjeret var då gjort unna på ein halv time,» smiler Robert Hermansen.

Framleis var det mykje politisk arbeid, Robert Hermansen var alltid i førarsetet, og han sytte for dei alle fekk høyre om dei store moglegheitene og vart introdusert til det energiske SNSK. Det beste var å få folk til Svalbard, så dei både fekk sjå og høyre. Gradvis var det berre eit tidsspørsmål før alle formalitetar og vedtak var gjort.

SNSK hadde rigga seg for å starte storstilt og moderne kulldrift i Svea Nord. «Vi har verdens høgaste levestandard, og med det den høgaste timekosten, så skulle vi kunne drive lønnsamt måtte vi sjølv sagt ha verdens beste gruveutstyr. Vi hadde verdens beste gruvearbeidarar så vi måtte berre syte for at forholda låg til rette, så ville vi produsere i verdstoppen» fortel han.

Det planlagde oppredningsverket, vart stoppa, ein auka pris på 50 kroner tonnet til ein kostnad på 200 kroner, var ei elendig investering. Eit eksempel på flinke og kreative folk var korleis dei skulle kome seg frå Sveagruva over Höganäsbrean til gruveinngangen til Svea Nord, då kom Bjørn Fjukstad med ideen om å legge vegen over breen, og slik vart det. Det fungerte perfekt. Vidare hadde dei utfordring med å komme gjennom permafosten i morenelage inn til fjellet.

Til sist var det ei kjempestor gravemaskin som grov seg gjennom. Då kunne dei starte å drive med tre stoller innover i hovudstollsysteem. Så vart det drive stoller ut frå den store, med om lag 250 meter mellomrom. Vidare klart til montering av panel og drift.

Leiinga arbeida raskt, og det politiske Noreg hadde problem med å halde følgje. «Der var ingen konflikt, vi holt byråkratar og politikarar orienterte om kva vi gjorde. I blant kunna vi kanskje spurt om tillating, men vi sytte alle fall for dei var informert».

Verdens beste gruveutstyr kosta pengar, og det var ei mangelvare i SNSK, som berre hadde budsjetterte pengar frå staten å arbeide med. Dei tok til å produsere med tradisjonell rom / pillar drift for å få i gang pengestraumen.

Ein annan idè som kom opp, var å selje bustadane som dei tilsette i SNSK budde i, og så leige dei attende. SNSK tok kontakt med eigedominvestor Roar Dons i Tromsø, og samtalte omkring moglegheitene.

Han spurte kvifor SNSK ikkje sjølve danna eit eige AS som kjøpte bustadane og så leigde dei attende til SNSK. Dette vart så gjort, AS'et fekk låne pengar i mot bustadmassen og leigeavtalen med SNSK, og SNSK fekk pengar i kassa.

Ny lastekai for Panmax skip i Svea vart bestilt, og moderne gruveutstyr, for paneldrift og stor trommelkuttemaskin var på veg. Like så er det fullt arbeid med oppfaring (driving av tunnel) og klargjering. Administrativt held leiinga fram arbeidet med å legge forholda til rette for å verte verdens beste kolgruveselskap. Alt omkringliggende, som flytransport mellom Longyearbyen og SVEA, Kulltransport utanfor gruva, vasking og reingjering, osv. vert sett vekk til andre firma. I nokre tilfelle skild ut frå SNSK, i eit felles selskap, sidan selt heilt ut.


Leiinga arbeida mykje med fokus, kvar einskild medarbeidar skulle sjå samanhengen mellom sin jobb og kolet som kom på transportbandet ut av gruva. Alle mann måtte sjå og skjøne denne samanhengen, då ville dei ha gode forutsetningar for å lykkast, meinte Robert Hermansen.

Når store investeringar skal gjerast i industrien er det viktig at det går raskt slik ein startar å få inn pengar. Robert Hermansen og leiinga sette stor fart i SNSK, og då siste avstemminga i Stortinget vart gjort, var allereie det nye utstyret på plass i gruva i Svea. Det gjekk unna, og etter nokre innkøyringssvanskar begynte kolet å strøyme ut frå gruva.

«Bankforbindelsen vår var Sparebank1, dei var med oss i val av samarbeidspartnarar. Professor Torgeir Reve kvalitetssikra det vi gjorde. Så det var langt frå eit sololøp frå administrasjonen i selskapet,» poengterer han.

Robert Hermansen har alltid lagt vinn på å vere ein synleg leiar. Frå første dag som administrerande i SNSK brukte han all si erfaring og kunnskap for å skape engasjement og få dei tilsette og heile samfunnet til å tru på at selskapet skulle verte lønsamt.

Han var i gruvene fleire gonger i veka, og elles så synleg som mogleg, stort sett alltid med positiv attityde. Ikkje så lenge etter han hadde teke til tok han turen til Svea, der sto maskiner og lastebilar stille, men folka var tilfreds med situasjonen.



Robert Hermansen på besøk i gruva. Foto SNSK

Robert var ikkje tilfreds, han skjøna at her var det kultur som måtte arbeidast med, og han



*Frå Svea. Foto frå SNSK*

gjekk til oppgåva med liv og lyst. Gruvearbeidarane hadde ikkje vore utskjemde med at øvste leiar var opptatt av deira kvardag, så det tok ikkje lang tid før Robert Hermansen var deira mann, som snakka deira språk og såg verda saman med dei. Han var utan tvil folkets mann, ein posisjon lik den han hadde og har i Sydvaranger, Narvik og Odda.

Etter kvart som produksjonen går, og kolet kjem ut i dagen vert det sortert og lagra etter kvalitet. Skiping i Svea går føre seg sommarhalvåret, så det trengs eit stort område til lagring av kolet. Kol kan ikkje lagrast høgare enn 12-15 meter, dette grunna fare for sjølvtenning. Like så er det viktig med god kvalitetsoppfølging og lagerstyring så ein er trygg på at kundane får kvaliteten som bestilt.

#### **14 dagar på 14 dagar av**

Etter kvart innfører SNSK 14 dagars turnus i Svea. Det er fleire årsaker til det, blant anna at

selskapet er opptatt av å behalde dei dyktigaste folka trass i pendling til Svea, og fleire ønskjer meir tid med familien. Arbeidstida er ti timer skiftet.

Gruvearbeidarane var i Sva for å arbeide, så dei ønskjer å gå tolv timer, noko som i praksis vert to timer planlagd overtid for dag, ikkje i samsvar med avtaleverket. Etter diskusjonar heilt til topps i Arbeidsmandsforbundet og med LO-leiar Flåten, vert dette akseptert.

Ein konsekvens av dette er at gruvearbeidarane tener svært godt. Ei tid etter registrerer selskapet at fleire tilsette er sjuk ein dag eller to i starten eller slutten av arbeidsperioden.

Leininga har sine tankar om dette, og det vert diskutert med arbeidstakarorganisasjonane. Konklusjonen vert at dei som har vore sjuke ikkje får arbeide tolv timars dag, dei må arbeide berre ti, altså ingen 100% overtid. Resultatet er at sjukefråværet forsvinn. Robert Hermansen smiler i skjegget når han fortel om grepet.

«SNSK engasjerte Dr. Rolf Hanoa til å gjere ei arbeidslivsundersøking, vedrørende 14 dagar

arbeid, og 14 dagar fri, korleis verka det inn på helsa til folk. Den synte ingen forskjell. Vidare starta SNSK saman med Dr. Hanoa ei undersøking på korleis ein slik arbeidsrullering ville fungere i små samfunn.

Fokuset skulle vere på småsamfunnet, bygda, der slike folk ofte har ein viktig posisjon. Denne undersøkinga ville vore eit godt reiskap i kampen mot fråflytting i utkant-Noreg, men dessverre vart den stoppa av direktøren som kom etter meg, før den var ferdig.» sukkar Robert.

Det er stor driv i selskapet, det går fort, og stadig nye produksjonsmål vert nått. Leiinga er positive, og gjer alt dei kan for å folk til å trivast. Både pils og pizza vert spandert etter gode skift. Arbeidarar vert oppmoda om å ta fagbrev og anna utdanning. Tanken til leiinga er at alle som arbeidar i SNSK skal ha betre føresetnader for å få arbeid når dei kjem attende til heimstaden enn når dei reiste. Fleire tilsette tek utdanning innan bergteknikkstudiet, alle som bestod studiet, vert heidra av SNSK med eiga bergmannsdrakt sydd på bedriftas rekning.

«SNSK hadde mange dyktige folk, mange av dei dyktigaste var kvinner. Ester Knudsen var viseadministrerande direktør. Både kvalitet og marknadssjefen og økonomidirektøren var kvinne. Og Anita Johansen var leiar for gruvearbeidarforeininga. Alle sterke kvinner, som sette sitt preg på sakshandsaming og gjennomføring i SNSK desse åra.»

På spørsmål om ulik politisk leiing hadde noko innverknad på kvardagen for SNSK, er svaret at det var så godt som ingen skilnad. Folka i departementet var mykje godt dei same, og SNSK hadde gode relasjonar med dei fleste, så det var i svært stor grad forutsigbart.

«Gruvedrift er forbanna enkelt. Det er berre nokre få ulike arbeidsoperasjonar, men dei må gjerast korrekt, og til korrekt tid, det er iblant ei utfordring,» legg han til. Det lykkast SNSK godt

med etter kvart. Leiinga hadde stort fokus på topp utstyr, god informasjon, trivsel og sikkerheit. Trudde dei sjølve.

### **Ulykker**

Robert Hermansen fortel at i gruvedrift er det blokkfall eller gass som tradisjonelt som er årsak ulykker. I 2003 skjer eit blokkfall i Svea Nord, med dødeleg utgang. Ei tragisk hending. Rutinane for kor langt fram «Continus Miner’en» kan køyre fram mot sikringa vert lagt om som konsekvens av ulykka.

To år etter er eit arbeidslag i ferd med å bryte gjennom til eit gammalt driftsområde. Det er rutinar for at gassnivået skal sjekkast i det gamle driftsområdet før dei bryt seg gjennom. Det vart ikkje gjort, og når dei bryt gjennom, strøymer gass med lavt oksygeninnhald inn.

Fleire arbeidarar svimar av og vert liggande, ein vert liggande att død. Ei tragisk ulykke som kunna kosta fleire menneske livet. På ny vert rutinane skjerpa inn. I begge desse hendingane får SNSK bot. I siste tilfellet får også gruveansvarleg dom.

Robert Hermansen var i gravferdene, og har personleg framleis kontakt med dei etterlatne.

30. juli 2005 tek det til å brenne inne i gruva i Svea Nord. Ein gruvebrann er i prinsippet uråd å sløkke, i alle fall er det svært vanskeleg, noko Robert Hermansen visste best av alle. «Dette skal vi klare, vi skal sløkke brannen og halde fram kolutvinninga i gruva,» seier han etter kort tid. Alle i SNSK står på og gjer ein formidabel innsats på ein eller annan måte. Arbeidarar som er på ferie kjem reisande attende for å bidra og store resursar vert sett inn på å finne best moglege metodar for å sløkke.

Første tanken er å bruke Nitrogen, men ein gammal studiekamerat av Robert, forklarar at dei bør nytte CO<sub>2</sub>. Eit firma som driv med dette vert kontakta og kjem til Svea. CO<sub>2</sub> vert sendt gjennom vassbad og så blest med jetmotor inn i



30. juli 2005 tek det til å brenne inne i gruva i Svea Nord. Foto frå SNSK

gruva. På det viset vert dei opne flammane borte, og gruvearbeidarane utstyrt med oksygenflasker på ryggen murar seg lenger og lenger innover i tunnelen.

Professor i medisin, Rolf Hanoa er til stades og held oppsyn med alle arbeidarane, kontinuerleg måler og sjekkar helsetilstanden. Det er eit enormt arbeid som vert lagt ned, og Robert Hermansen kan ikkje få fullrost dei tilsette og øvrige involverte i arbeidet som vart lagt ned desse månadane.

Selskapet ser at dette er eit stort attendesteg, med ikkje eit sekund gir leiinga uttrykk for at dette ikkje skal gå bra. Ingen tilsette vert permitterte, i staden vert dei som ikkje arbeider med sløkking sett til å gjere vedlikehaldsarbeid, andre vert sett på skulebenken og etter andre ligg i forkant for å vere klar når produksjonen skal starte opp att. «Ja ikkje berre klar, dei var kjempeklar» seier han, og syner til engasjementet alle tilsette viste denne perioden.

Årsaka til brannen var feil på sveiseutstyret til eit firma som skøyta store plastrør inne i gruva. Brannen tok til 3-4 timer etter sveisearbeidet var avslutta. Ein god del av dei direkte kostnadane vart dekka av forsikringa.



30. juli 2005 tek det til å brenne inne i gruva i Svea Nord. Foto frå SNSK

Åtte månader etter brannen starta var den sløkkt og ein var klar til å starte opp att i gruva. Leiinga bestemte at det var viktig med ei skikkeleg markering, så DDE vart hyra inn, ekstra kvote på rein vart gitt av Sysselmannen og alle i SNSK og samarbeidspartnarar fekk ein ekstra fridag, og hadde ein kjempefest. «Då Bjarne Brønnbo ut på natta song og reiv opp skjorta, så gjorde alle i festlyden det same,» minnast Robert med eit stort smil. «Dagen etter arrangerte vi konsert for resten av byen, for at dei ikkje skulle synes vi var for dumme, det vart ikkje den same festen altså,» legg han til.

Produksjonen steig og det vart stadig sett nye produksjonsrekordar. Prisen på kol var høg, så dette var gode år for SNSK.

Leiinga og Robert var opptekne av trivsel i firmaet, og SNSK var svært synleg desse åra. Det vart skrive mange bøker som SNSK gav ut. «Jobben min var å seie ja, når spørsmålet kom, det var ikkje den store kostnaden, vi fekk dokumentert både SNSK historie, oljeleitinga på Svalbard og mange andre, og ikkje minst var våre tilsette interessert i bøker. Like så var det om eit idrettslag eller skyttarlag trengte eit bidrag til eit lotteri eller noko, og ein av våre



Kullbåten "Nord Draco" lastar ved Kapp Amsterdam, Svea. Foto frå Torbjørn Johnsen

tilsette hadde tilknyting, då gav vi og han kunne seie dette er frå oss i Store Norske!

Like eins var det for heile Longyearbyen og Svalbard, var der saker som vart arbeidd med som hadde betydning for svalbardsamfunnet, var Store Norske aldri vanskeleg å be om hjelp og støtte medan Robert Hermansen sat som direktør.

«I ettertid har eg lese at nokon oppfatta SNSK som vel gåvmilde denne tida, det var aldri noko som var kommunisert til meg i åra eg var der.»

### Avgang frå SNSK

Som 69-åring gjekk Robert Hermansen av som administrerande direktør i SNSK. Han hadde gjort det kunststykket å få selskapet til å gå med overskot, dei hadde betalt mange millionar i utbytte til staten. Produksjonen var i verdstoppen med 10-12 000 tonn pr mann, og

heile organisasjonen var rigga for framleis høg produksjon. Han hadde forslag til styret om etterfølgjar, det vart valt ein annan, utan erfaring frå gruveindustrien.

I samtalene vår er det uråd å ikkje verte sjarmert og engasjert. Han pratar om gruvedrift, teiknar og forklara om stempel- og paneldrift, oppføring, lagring og sal. Eg vert skikkeleg fasinert og interessert, og skulle mest ynskje eg hadde vore med i drifta av gruva desse åra. «Og det er djevlig enkelt, det er eigentleg berre tre ulike arbeidsoperasjoner.»

Robert sat i ein del styrer på denne tida, og han skulle også vere rådgivar for SNSK nokre månader framover.

Den nye direktøren starta å stille spørsmål om avtaler som hadde vorte gått inn med samarbeidspartnarar medan Robert sat som leiar. Han meinte at Hermansen var skuld i at selskapet hadde tapt fleire hundre millionar på därlege kontraktar. Etter samtale med styreleiar



Trommelkuttemaskin. Foto frå SNSK

bestemte Robert seg for å gå ut av SNSK med ein gong. Det heile utvikla seg, med stadig nye «avsløringer» i TV2. Det heile enda med at selskapet melde forholdet til Politiet, ein økokrim rassia, og han sjølv vert arrestert.

Robert Hermansen fekk då oppmodingar om at han burde trå ut av styret både i Troms Kraft og Kirkens Bymisjon i Tromsø. Han bestemte seg for å trekke seg frå alle styreverv. Formannskapet i Narvik ønska ikkje at han trekte seg frå rolla som styreleiar i Narvik Hamn, det kom oppslag i avisar «Fremover» om «kjeltringen Hermansen nektar å trekke seg.»

Robert seier at det heile var ganske uverkeleg.

Det enda med tiltale, rettssak og dom. Både SNSK og Økokrim hadde vore i media og prata medan dei undersøkte. Det paradoksale er at i tiltalen er der berre eit punkt, og ingen av dei opphavleg omtala tjue punkta er med. Han vart dømd for därleg dømmekraft, for å ha lånt pengar av ein forretningsforbindelse.

I følgje forsvararen var straffeutmålinga altfor lang, den sto meir i stil med punkta som ikkje var med i tiltalen enn domen, og han oppfordra Robert Hermansen til å anke. Korkje forsvarar eller Robert trudde han ville kome til å måtte sone heile dommen i fengsel. Konklusjonen til

Robert var at han var 70 år, og hadde ikkje uavgrensa tid att, så han ønska ikkje å bruke år på å slåst i ein rettssal, så han vedtok dommen.

«Eg vart ikkje dømd for det som SNSK og økokrim prata høgast om. Men eg hadde vore uaktsam, gjort noko feil, og såleis var det korrekt med straff. Men det er neppe den dummaste feilen eg har gjort,» legg han til.

### I fengsel

Trass i rykte om kø for soning og fulle fengsel, gjekk det ikkje lang tid før Robert vart kalla inn til soning.

«Eg visste lite om det norsk fengselsvesenet, og det eg trudde eg visste synte seg å vere feil. Eg hadde hørt om innsette som studerte og tok utdanning, som trena og sykla Trondheim-Oslo medan dei sona.

Eg tenkte eg skulle få studere og lese mykje. Trematerial har eg alltid likt å arbeide med, så eg pakka med meg treskjeringsutstyret mitt. Det vart ikkje slik. Lukka soning. Kledd naken og sjekka, og fekk med meg fire bøker inn. Det var alt. Der kom eg inn og sat stort sett saman med utanlandske yrkeskriminelle.

Det var langt unna kva eg venta. Men eg laga meg timeplan, dagsplanar og vekeplanar, der eg sette av tid til lesing, skriving, teikning, trening og så vidare. Blant anna teikna eg mange kort denne tida. Eg er som alle veit ikkje kunstnar men produsent, så når eg fant noko eg likte, vert det fort mange kort. Desse er no samla og fint innbunde.

Etter eit år vart eg flytta over til open soning, då var eg saman med meir lokale narkotika- og vinnings forbrytarar. Dei var det råd og prate med og vi fekk greitt forhold. Blant anna var der ein som var sint og aggressiv, ja heilt rabiat. Ein dag seier eg med han, kan du ikkje leike at du er litt hyggeleg. Du treng ikkje vere det, men gjer eit forsøk og lat som du er det i dag, og så ser vi korleis det går. Om kvelden hadde vi ein

samtale, då sa han at han aldri hadde møtt så mange hyggelege menneske før, så vi avtala å halde fram forsøket.

Det gjekk veldig bra, samtalen på slutten av dagen var viktig. Nokre dagar etter ville andre av dei unge innsette også ha ein samtale med fokus på forbetring til betre dagar. Til sist var det åtte stykkar i fengselet eg samtala med og som eg seinare hjelpte med å få seg jobb her i Tromsø. Det har gått bra med sju av dei!» Robert pratar ivrig om desse, om at det er noko godt i alle, om plikter og det å verte sett.

Vidare skryt han av fengselspersonalet. Desse som vert truga og hersa med av dei utanlandske yrkeskriminelle. Robert er heilt klar på at å drive rehabilitering i Norske fengsel så lenge desse fangane er her, er totalt uråd. «Den dagen Noreg kjøper fengselsplassar i utlandet der dei høyrer til, kan det vere ei moglegheit for at vi kan klare å rehabiliterer våre eigne landsmenn som sit inne.»

«Ein gong var der ein medfange som klarte smugle inn noko konjakk, den drakk vi. Etter det måtte eg innom lukka soning att,» smiler Hermansen.

«Den dagen eg kom ut av fengselet var det stor release fest i Tromsø Athenæum. Politimeisteren, Fylkesmannen og Ordføraren hadde dikta song som dei framførte. Politimeisteren sa han likte slike kriminelle som meg, slike som tok straffa si og ferdig med det!

Då eg nokre dagar etter kom til Longyearbyen arrangerte gruvearbeidarane stor fest for meg på Gruvelageret.»

På mitt spørsmål om kva Robert tenkjer om utviklinga i SNSK etter han slutta, tenkjer han seg om, før han seier: «Der vart gjort svært mykje dumt. Etter mi oppfatning vart det gjort feil val og därlege investeringar i gruvedrifta og ikkje minst det å endre dei tilsette sine

arbeidstidsordningar. Det er ofte ein fordel å kunne det du held på med, og om du ikkje har det, så sorg i alle fall for å skaffe den kompetansen.

I år 2000 vart det brukt 5 mill. tonn kol på verdsbasis, i 2015 var talet 9 mill. Altså er det kol som aukar mest på verdsbasis. Når vi så veit at mesteparten av Svalbardkolet går til metallurgisk industri, så er det avgjersla til våre politiske styresmakter om nedlegging uforståeleg. I tillegg vart det bestemt å fjerne alle spor. Det er krav som aldri tidlegare har vore stilt til noko gruveselskap uansett stad i verden.»

Dette fører oss over på andre del av samtalen vår.

### **Om verdiar og leiing**

Eg var nyfiken på Robert Hermansen sine verdiar og leiarfilosofi, kva han tenkte og gjorde, kvifor og korleis. Så vi samtala litt kring dette.

«Eg hugsar godt første leiarkurset eg var på arrangert av NAF, då vart vi fortalt at vi skulle ha pinnestolar ståande på gangen, der motparten skulle sitte i 10-15 minutt og vente før vi slapp dei inn i møtet. Vidare var det lurt at vi (leiinga) sat på høgare stolar enn dei, det ville gi oss eit overtak frå starten av samtalen/forhandlingane.

«Som sagt har eg alltid vore medlem i Arbeiderpartiet, i studietida sat eg i bystyret i Trondheim. Siste studieåret, forsøkte bedrifter å rekruttere oss. Blant anna inviterte SNSK oss til samtale på eit hotell i Trondheim.

For min del vart det ein kort samtale, eg kom inn, og vart møtt av ein som straks fortalte meg at han trudde eg hadde meir vit enn at eg møtte fram her, moderne norsk arbeidsliv har ikkje bruk for slike som deg. Dette var med klar adresse til at eg var arbeidarpertimann. Med



*Første kullbåt til Svea sommeren 2008. Største kullager på Svalbard gjennom tidene på Kapp Amsterdam. Foto frå SNSK*

bakgrunn i at vi var oppdratt til at vi korkje var betre enn därlegare enn andre, svara eg at det var nok han som var utdatert i framtidas norske arbeidslivet. Noko jobbtilbod fekk eg sjølv sagt ikkje frå SNSK den gongen.»

I tida som leiar i SNSK hadde Robert ein unik posisjon i Longyearbyen, alle kjente han, og han prata med alle. Kom nokon av dei tilsette i vanskars var bedrifta der og hjelpte så godt den kunne. Også Robert personleg såg folk, og bidrog. Posisjonen i Longyearbyen har han framleis, like eins i Odda, Narvik og Kirkenes. På mitt spørsmål om han kjenner på stoltheit over å ha opparbeida seg slik posisjon, smiler han og ristar på hovudet. «Eg er glad i folka, og glad for å fått lov til å bidra. Men stolt, nei. Det er ein ting eg er stolt av, og det er at fagforeininga Nordens Klippe i Sydvaranger

inviterte meg til å halde jubileumstalen då den var 100 år. Det er ei velkjend, sterkt og stolt foreining, som har vore dominert av ulike politiske fraksjonar gjennom åra. Då dei skulle ha ein jubileumstaler, inviterte dei meg, ein tidlegare direktør som kom så å seie rett frå botfengselet til å halde talen. Det er eg svært stolt av!»

«Vi vaks opp i ein heim med stor fokus på menneskeverd, likeverd og respekt. Vi var ikkje betre enn andre, men vi var jaggu ikkje noko därlegare heller. Eg har vore arbeidarpartimann heile livet, lengst på yste venstre. Arbeid er eit gode, det å stå opp til noko, der du har ei plikt til å bruke evnene dine og bidra til fellesskapet, har vore verdiar eg har hatt heile livet. Og det er ingen motstilling mellom å vere bedriftsleder og ha desse verdiane, snarare tvert om. Så har

erfaringa lært meg å iblant vere litt tolmodig. Organisasjonsendringar og tankesett tek tid å endre. Som leder må du aldri tvile, du må vere sikker, legge planer, informere og vidare følgje planane.»

Robert har alltid henta energi frå å arbeide med andre ting enn industriproduksjon. Han har vore engasjert i kultur, riksutstillinga, musikk, litteratur samtidsmusikk og anna næringsutvikling. Dette har vore viktig, han har sett at her er mykje meir i samfunnet enn hans kvardag. Han les mykje, og seier han har lært meir om menneske av skjønnlitteratur enn av bøker om leiing.

«Eg lærte raskt og mykje i Sydvaranger. Der starta eg eit program om korleis vi skulle effektivisere transporten, men klarte ikkje få dei involverte til å forstå korleis eg ville det skulle fungere. Det vart kaos. Så eg måtte stoppe endringane. Eg sa med dei, at dette fungerer over heile verden men faen ikkje her. Poenget hadde dei teke, så etter eg stoppa programmet, kom vi raskt attende til den opphavlege produktiviteten, før den så auka med 25 %. No var det dei sjølve som organiserte og det gav ein flott gevinst. Så da lærte eg kor viktig det er å ikkje trykke gjennom noko folk ikkje forstår.»

I SNSK var folk svært positive. Nokre få var skeptiske. Det var greitt så lenge dei var med, men dei som var i mot, måtte vi flytte litt rundt på.

Engasjement, humør og positivet er Robert Hermansen sitt varemerket. Eg spør kva triks han brukte etter domen for og sjå lyst på livet. «Det er enkelt, har du ikkje noko val, kan du velje å vere sur og grinete, eller du kan forsøke å gjere det beste ut av situasjonen. Det lærte eg for lenge sidan. Du kan velje, og stort sett har du det mykje betre når du vel å vere positiv. Vidare har livet lært meg at du kan ikkje ta alle kampar. Nokre må du berre la gå.»

Robert er framleis aktiv i styret for diverse mindre føretak, han prøver å bidra til kjenningar som vil ha han med, «og så takkar eg ja til spennande oppdrag. Godtgjersla eg får er stort sett verdilause aksjar,» flirer Robert. Vidare er han med i styret for eit selskap som jobbar med utdanning av kvinner i fattige U-land. I den forbindelse var han nettopp til Bangladesh.

«81-års dagen er ikkje noko å feire, og ikkje likar eg å feire meg sjølv heller. Eg skal gå meg ein skitur, må halde forma ved like til Svalbard skimaraton og Kobberløpet i Sulitjelma. No er lyset attende på Svalbard og eg skal vere mykje der framover.

Der er mange gode kompisar, seinast i natt hadde eg overnattingsbesøk her i Tromsø frå ein kompis i byen som skulle til tannlegen. Det er kjekt at vi har det slik.»

Til sist i samtalet kjem vi på ny inn på kolgruvene og tida i SNSK. På ny fortel Robert om alle dei flinke og engasjerte folka i SNSK. Suverent verdens beste gruvebus, seier han om desse folka.

«Desse som kjem frå små plassar langs kysten, som frå barnsbein av er vand til å ta ansvar og ta seg til med noko praktisk, reparerer eit gjerde, sjå etter dyr, reparerer løa, vøle båten eller ro ut og fiske middagsmat, dei kan du alltid stole på.

Det er eit stort handikap for ungdom å vekse opp i ei leilegheit i ein by der du ikkje har plikter som gjer du må stå opp om morgonen!» Avsluttar den engasjerte Robert Hermansen.


# Gruvedrift i Svea Nord, enkelt forklart.

Johannes Alme – prosjektleiar Ishavsmuseet.

I samband med artikkelen om Robert Hermansen er det på plass med ein kort introduksjon om gruvedrifta i Svea Nord.

**Mekanisert Strosse.** Som i prinsippet kan fjernstyrast.

Kollaget(fløtsen) i Svea Nord er opptil fem meter tjukk og vart drive ut med Longwallutstyr. Dette inneberer å drive ut kullet ved hjelp




Hovedstollen begrenser gruven mot vest. Produksjonspanelene er orientert nordøst-sørvest og med sort farge ser vi de som allerede er tømt for kull. Mellom panelene ser vi de 6 m høye og 4 m brede oppfaringstollene. I løpet av ett år drives hele ti km med slike gruveganger.

Ill. Store Norske

av en skjærmaskin (trommelkuttemaskin) som beveger seg langs kullpaneler som er 250 meter brede og opptil 3,5 kilometer lange.

Gruvearbeidarane følger produksjonen under hydraulisk drivne støtter som midlertidig held fjellet opp mens kullet blir teke ut. Bak støttene er det meininga at fjellet skal kollapse i kontrollerte nedfall når kullet vert drive ut. Kullet vart først transportert langs den 250 meter lange panelet med kjettingdrive skraper, så over på transportband som tek kolet vidare til hovudstullen, og vidare ut av fjellet i Svea og derifrå med lastebil til store lagringsområder i hamna ved Kapp Amsterdam.




Som vist på illustrasjonen over beveger trommelkuttmaskinen langs strossa mens den kutter kull. Etter at trommelkutteren har passert vil dette flyttes et steg fremover, slik at det utdrevne området bak stempelet etter hvert vil kollapse. Trommelkuttemaskinen og stemplene beveger seg kontinuerlig fremover i strossa til denne er utdrevet. Kullet transporterer på bånd ut fra driftstedet. Etter det demonteres utstyret, før det monteres på nytt i det neste panelet. Det er en meget effektiv driftsmetode der fløtsen har de nødvendige dimensjonene for å understøtte en slik drift.

Kilde: SNSK



Trommelkuttemaskin og hydrauliske stemplar.  
Foto frå SNSK



Hovudstullene består av tre enkeltstuller(tunellar). Disse tre er namnsett med bokstavane A, B og C. Utsnittet frå H3 (Hovudstull 3):

Stullen helt til venstre er A-stullen og den lengst til høyre er C-stullen.

Det er ulik funksjon/bruk av de ulike stullene. Ventilasjonen er styrt slik at frisk luft kommer inn i A- og B-stullen, mens returluft går ut i C-stullen.

I A-stullen gjekk belte for transport av kull. I tillegg blei vann pumpa ut av gruva gjennom A-stullen.

B-stullen var for transport av personell og gods. Det var også her det meste av infrastruktur som trykkluft og straum var hengt opp.

C-stullen fungerte som nødutgang. Ingen installasjon eller transport i denne.

Ut for gruva er det oppredning, dvs. kullet vert sikta og knust til ønska kornstorleik, og går

gjennom fleire reinsemaskiner. Stein vert skild ut og ferdig kull vert transportert til lasteanlegget og lagra etter kvalitet og kornstørrelse.



Kolet før det vert køyrd med lastebil til lager/lasteanlegget på Kapp Amsterdam, Foto SNSK



Lagra kol på Kapp Amsterdam, lastekaia i bakgrunnen. Foto SNSK



På toppen av kollageret. Foto Johannes Alme

# PETER I ØY – Nokre norske landstigingar.


Av Magnus Sefland

Biland - ei forsøksvis forklaring: Territorium som ikkje er suverent på same måte som ein sjølvstendig stat og som er underlagt ein ekstern stat. Biland er ikkje ein integrert del av moderlandet. (Frå Wikipedia).

Dei norske bilanda vart annekterte på 1920- og -30-talet. Dei ligg for det meste i arktiske eller antarktiske områder. Annekteringane har fått merkelappen ‘ishavsimperialisme’, i ein del krinsar eit negativt ladd ord. Den politiske venstresida var negativ til annekteringa av Nordaust-Grønland i 1931. Av dei norske annekteringane var truleg nettopp den som gjaldt Nordaust-Grønland den mest kjende – og omstridde. Annekteringa vart underkjend av den internasjonale domstolen i Haag i 1933.

**Jan Mayen:** Ein integrert del av Norge og kan ikkje avhendast til andre land. Jf Grunnlova paragraf 1, som seier at Norge er ‘udelelig og uavhendelig’. Jan Mayen er dermed ikkje noko biland, sjølv om øya ligg langt frå det norske fastlandet.

Det norske meteorologiske institutt annekterte først ein del, så heile øya på 1920-talet. Øya vart innlemma og integrert i kongeriket Norge i 1930. Administrert av fylkesmannen i Nordland. Under andre verdskrig var Jan Mayen den einaste delen av Norge som ikkje var okkupert av tyske styrkar. Norske styrkar under kommando frå eksilregjeringa i London stasjonerte på øya det meste av krigstida. Diktaren Nordahl Grieg besøkte øya under krigen og nytta høvet til å skrive patriotiske dikt medan han oppholdt seg der.



Norske styrkar vaktar over Jan Mayen under andre verdskrig. Foto frå Stig Hjelvik

**Svalbard:** Ein integrert del av Norge frå 1925, men likevel med ein del restriksjonar fastlagde i Svalbard-traktaten av 1920. Blant anna skal øygruppa vere demilitarisert.

Alle signatarmaktene skal ha lik rett til å drive næring og forsking. Administrert av sysselmannen, underlagt Justisdepartementet. Men sysselmannen utfører også administrative oppgåver for andre departement.

Av signatarstatane er Russland/Sovjetunionen den som i størst grad har nytta seg av rettane som Svalbard-traktaten gir – noko som i blant har ført til visse gnissinger mellom norske styresmakter og Russland/Sovjetunionen.

**Bouvetøya:** Eit subantarktisk biland. Øya ligg så langt nord i det sørlege Atlanterhavet at ho ikkje kjem inn under Antarktistraktaten. Vart annektert ved den første *Norvegia*-ekspedisjonen i 1927. Blir administrert av polaravdelinga i Justisdepartementet.

**Peter I Øy:** Eit antarktisk biland. Vart annektert ved den andre *Norvegia*-ekspedisjonen i 1929. Er underlagt Antarktistraktaten. Blir administrert av polaravdelinga i Justisdepartementet.

**Dronning Maud Land:** Eit antarktisk biland, sektor i Antarktis. Vart annektert i 1939. Er underlagt Antarktistraktaten. Blir administrert av polaravdelinga i Justisdepartementet.

#### **Norvegia-ekspedisjonane 1927-1931:**

Kvalfangstreiar Lars Christensen i Sandefjord stod bak fire ekspedisjonar til farvatna rundt Antarktis med ishavsskuta DS *Norvegia*. Ekspedisjonane gjaldt i første rekke sok etter nye felt for kvalfangst, men gjaldt også alle typar observasjonar, oppdaging, kartlegging og forsking.

Christensen si avgjerande rolle førte til at på Bouvetøya og Peter I Øy er namn knytte til Sandefjord, Norvegia og Christensen-familien komne på karta.

**DS *Norvegia*:** Skuta vart bygd i 1919 i Son og levert til Skips AS Freda i Kristiania som *Vesleper*. Foretaket Winge i Kristiania disponerte *Vesleper* saman med DS *Veslekari*, som også tilhørde Skips AS Freda.



«*Vesleper*» her på fangst i 1925. Foto Anton Sulebak

Då Freda gjekk konkurs i 1926, kjøpte Lars Christensen *Vesleper* og gav skuta namnet *Norvegia*. Skipper på første *Norvegia*-ekspedisjonen var Harald Horntvedt. Nils Larsen frå Sandar var styrmann på den første og

skipper på dei tre andre *Norvegia*-ekspedisjonane.

I 1931, etter den fjerde *Norvegia*-ekspedisjonen, selde Christensen *Norvegia* til Elling Aarseth m.fl., Vartdal/Ålesund. Christensen ville ikkje gje frå seg *Norvegia*-namnet. Derfor fekk skuta namnet *Kvitøy*, og med det namnet forliste ho under selfangst i Kvitsjøen i 1933.

**Peter I Øy:** Øya vart oppdaga av ein russisk ekspedisjon. Ekspedisjonsfartøyet kom seg ikkje inn til øya på grunn av isen. Ingen var på land, men ekspedisjonen gav øya namn etter den russiske tsar Peter den Store.

**Odd I-ekspedisjonen:** I 1927 hadde kvalfangstreiar Lars Christensen kvalbåten *Odd I* på leiting etter nye kvalfangstfelt, med ekspedisjonsleiar Eivind Tofte og skipper Anton S. Anderssen. Kvalbåten kom seg ikkje inn til Peter I Øy på grunn av pakkisen, men segla rundt både øya og isbeltet.

**Første norske landstiging:** Første norske landstiging på øya skal ha vore ved *Norvegia*-ekspedisjonen si annektering i februar 1929. Ekspedisjoneleiar, zoologen Ola Olstad frå Øyer i Gudbrandsdalen, skal visstnok ha vore første menneske som sette føtene på land på Peter I Øy.

Det vart då truleg gjennomført dei handlingane som høvde seg ved ei annektering: flaggheising, nasjonalsong, utferding av proklamasjon og - om det let seg gjere - telegrafering til konge, regjering og presse.

**Andre norske landstiging:** Det var ved *Brategg*-ekspedisjonen sitt besøk på øya i februar 1948. MS *Brategg* (seinare namn blant andre *Jopeter* og *Polarbjørn*) var på leiting etter felt for kvalfangst i stillehavssektoren av Antarktis. Skipper på dette toktet var den same Nils Larsen som nær tjue år tidlegare var skipper

på *Norvegia*. Ekspedisjonsleiar var zoologen Holger Holgersen. Besøket i 1948 vart heller kortvarig fordi isen truga med å stenge skuta inne. Men dei rakk å gjennomføre det rituelle programmet som stadfeste at øya var norsk biland.

**Tredje norske landstiging:** Under *Aurora*-ekspedisjonen til Sørpolen 1986-87. Organisator og ekspedisjonsleiar Monica Kristensen og hennar følgje gjekk mot polpunktet i Roald Amundsen sine ski- og sledespor frå Hvalbukta ved Rossishavet.

Ekspedisjonsfartøy var MS *Aurora* (ex *Polaris* (1951) av Brandal). Skipper var Bernt-Einar Steinsland. *Aurora* segla frå Oslo, gjennom Panamakanalen til New Zealand. Der var skuta inn om både Auckland og Christchurch før ho gjekk til Hvalbukta.

Medan ekspedisjonen var på veg mot polpunktet, segla *Aurora* i ei rekke ulike

ekspedisjonsoppdrag i farvatna mellom New Zealand i vest og Falkland i aust. For ein stor del var dette i same havområda som *Brattegg* segla på ekspedisjonen 1947/48. *Aurora* hadde med ei forskargruppe frå Norsk Polarinstitutt. Dei kartla Peter I Øy og gjorde oseanografiske og marinbiologiske undersøkingar. *Aurora* låg ved Peter I Øy i godt ver i 12 dagar. Ein kan vel rekne med at dei fleste om bord i skuta var på land i løpet av opphaldet ved øya.

Etter ca 1960 har det vore gjort ei rekke landgangar på øya av forskrarar frå ulike nasjonar. Også cruiseskip har sett på land turistar. Truleg har også private ekspedisjonar med mindre fartøy vore på land på øya. Ein har rekna med at pr 2005 har totalt mindre enn 600 personar vore på land på øya.

Ved mykje godt alle slike landstigingar har ein vore avhengig av gunstige isforhold.



[ulstein.com](http://ulstein.com)

## AUDUN GÅRDEN 1957 – 2019.

Audun Gården frå Hareid var med *Aurora* i 1986/87 som andrestyrmann og islos. Han døydde av sjukdom ved juletider 2019 og vart berre 62 år gammal. Han vart gravlagd frå Hareid kyrkje like etter nyttår 2020 under stor deltaking. Ved sin bortgang var han truleg ein av ei heller lita gruppe nordmenn som hadde vore i land på Peter I Øy, Norge sitt fjerntliggande biland.



*Audun Gården 1957-2019, her i skipperstolen på Polarstar i 1991. Foto Mats Forsberg*

Audun hadde godt omdømme som navigatør og ishavsmann. Frå Audun sin cv nemner vi her følgjande: Han var fleire turar som fangstmann med *Melshorn* (1956) til Newfoundland. Han var også skipper på *Polarstar* både på fangst i Vestisen og i turistfart på Svalbard. I same farvatna i nord og i Antarktis var han islos på cruiseskip. Inn i mellom var han skipper på både frakteskuter og ferjer.

Tidleg på 1990-talet hadde Norsk Polarinstitutt ein større ekspedisjon til Dronning Maud Land, med MS *Lance* (1978) og MS *Polarbjørn* (1975) som ekspedisjonsfartøy. Audun var med

*Polarbjørn* som styrmann. På den turen fekk ein annan styrmann punktert ei lunge og var nær ved å omkome, like før ekspedisjonslegen kom til og tok dei livreddande grepene. Som skipper på *Polarstar* på fangst i Vestisen fekk Audun sjølv oppleve alvoret og ansvaret då ein mann i mannskapet vart akutt sjuk og døydde om bord. Dei siste yrkesaktive åra var Audun skipper på ei av ferjene mellom Hareid og Sulesund. Frå bustaden sin på ytre Hareid hadde han i den tida berre 4-5 minutters veg til arbeidet sitt.

Som meir fargerike oppgåver enn dei rutineprega ferjeturane over Sulafjorden var Audun skipper eller styrmann på fleire safariturar til Grønland. Sommaren 1987 var han med Ragnar og Kari Thorseth på MS *Havella* til Sørvest-Grønland og segla safariturar med passasjerar i farvatna der.

I 1990 var Audun med Ragnar Thorseth som styrmann, maskinist og altmuligmann på *Havella* på safaritur til Nordaust-Grønland, med blant andre etterkomrarar og andre slektingar av folk som tidlegare hadde overvintra på fangst i området.

I 2006 var han skipper på MS *Minna* – ein svenskbygd tidlegare redningskryssar - med ei gruppe polarentusiastar på safaritur til same området på Nordaust-Grønland. Også ved det høvet var det med etterkomrarar etter tidlegare overvintrarar.

I 2013 var Audun skipper på den norske tidlegare redningskryssaren *Hagbart Waage* til Søraust-Grønland, til kysten og fjordane mellom Skjoldungen og Prins Christian Sund, også det ein safaritur med polarentusiastar. Dette området vart annektert for Norge i 1932, medan domstolen i Haag hadde annekteringa av Eirik Raude Land i 1931 til behandling. Då dommen fall i 1933, vart herredømme over heile Grønland tilkjent Danmark.



*Audun Gården med ishavsrøye på Nordaust-Grønland med Minna i 2006. Foto fra Dag Audun Eliassen*

På den sistnemnde turen hadde eg gleda av å vere med. Då *Hagbart Waage* vart gjort klar for turen ved kai i Brandal, kom Audun om bord med ein berbar pc og ei mappe med navigasjonspapira sine. I tillegg hadde han med noko anna som eg stussa litt meir på personboka for Hareid.

På overseglingane vart det mange hyggjelege timer saman med Audun i styrehuset på *Hagbart Waage* - medan Audun heldt auge med instrumenta. Og ikkje berre det: Han hadde heile tida også skarpt blikk på farvatnet rundt skuta. I nærleiken av Skjoldungen reagerte han på ein liten flekk midtfjords i det fjerne som knapt var synleg. Det viste seg å vere ein isbjørn på sym over fjorden.

Med ein passeleg nysgjerrig spørjar ved sida fortalte Audun på ein liketil og udramatisk måte om mykje av det han hadde vore med på, og det

var slett ikkje lite. Audun var ikkje prega av faktar. At han ofte gjekk i tresko – også i styrehuset, på maskindørken og til og med i tønneleideren – var med på å vise den uhøgtidelege framferda hans. Skipperautoriteten var det likevel ingen som stilte seg tvilande til.

I samtalane i styrehuset dukka det frå tid til annan opp personnamn som trøng litt meir forklaring. Og då viste personboka seg god å ha for handa. Også opplysningane i boka om Audun sjølv vart kontrollerte. Etter boka vart han fødd i Herøy. Audun supplerte opplysningane. Han vart fødd i Eiksund. Forklaringsa var at Eiksund på den tid – før Schei-komiteen sine kommunegrenseendringar – tilhørde Herøy.

Fra barndommen fortalte Audun at han gjekk under tilnamnet 'Lyn Gordon (Gården)'. På Hagbart-turen til Søraust-Grønland var ekspedisjonen inn om Appilatoq – den sørlegaste faste busetnaden på Vest-Grønland. Medan skuta låg i hamn der, kunne ein observere Audun rundt om på kollar og knausar som omkrinsa bygda – med fotoapparat på ivrig utkik etter fotomotiv. Også då med tresko som fottøy. Han var framleis litt 'Lyn Gården'. Ingen såg den gong føre seg at den innhaldsrike livsvegen hans skulle bli så kort.

I samtalane i styrehuset vart også *Aurora* – den tidlegare *Polaris* – nemnd. Og at mastetoppen med utsikstønna frå skuta vart berga då skuta skulle hoggast i Danmark. Tønna vart plassert utanfor Ishavsmuseet i Brandal. I den tønna tilbrakte Audun bra mange timer under *Aurora*-ekspedisjonen.

Fred over Audun Gården sitt minne.

Magnus Sefland

# **Edny Ramona Sletten Sannes – Jeg hadde en fantastisk oppvekst i Ny-Ålesund**

**Av Johannes Alme**

Onsdag 11. mars 2020 tok eg trikken til Trondheimsveien i Oslo, der møtte eg Edny Ramona Sletten Sannes. Grunnlaget for møtet var ein kort samtale på Svalbard sist sommar, der ho nemnte oppvekst i Ny-Ålesund. Det ville eg gjerne høre meir om.

Edny er ei flott og sprek dame. Den smilande og beskjedene dama er full av energi og gode historier. Ny-Ålesund kallar ho Leiren, og ho ser alltid fram til neste besøk i sitt barndoms paradis.

Edny er fødd i Saltstraumen 29.10.1943. Foreldra var Ragnhild og Einar Sletten, han hadde 30 vintrar på Svalbard, og fekk kongens fortjenestemedalje for det. Tidlegare hadde han arbeida i gruvene i Svea og i Longyearbyen. Etter at han gifta seg og fekk tvillingar, tok han handelsutdanning og no var han styrar for eit samvirkelag i Valnes nær Bodø. Tvillingbroren til Edny drukna der når dei var fire år.

Far til Edny søkte på å drive butikken, mjøllageret og jernlageret i Ny-Ålesund. Han fekk stillinga og arbeida saman med bror sin. Den vesle familien flytta til Ny-Ålesund i 1950. Dei reiste opp med kolbåt, så det var rikeleg med både kolstøv og rulling.

Som butikkansvarleg var det litt av en logistikk å passe på at det var nok proviant og andre ting på lager i minst eit halvt år, avhengig av isforholda. Byen var helt isolert om vinteren, snøscooter hadde enda ikkje kome til øya då på



*Edny Sannes i Longyearbyen.*

50-talet. Einaste besøket dei fekk så lenge isen låg på fjorden, var eit og anna hundespann frå Longyearbyen. På 50-tallet når Edny kom opp, var det gode 150 personar i Ny-Ålesund. Det var nokre få familiar og ganske få ungar.

Edny starta på skule der i første klasse. Dette var første året det var skule i Ny-Ålesund. Skulen var udelt, altså alle elevane var samla i eit rom med ein lærar. Det var to elevar i første klasse, to i andre og ein i femte. Der var også nokre mindre barn i byen. Edny er den einaste som både har starta og avslutta sju års folkeskule i Ny-Ålesund. Edny minnes enda kor utskjemde borna vart av gruvearbeidarane som gav dei snop og sjokolade. Ho samla snopet i eine

kommodeskuffa, og kan enda kjenne kor uvel ho vart av alt godteriet.

I 1952 kom broren Finn til verda, då budde Edny og mora ei periode i Saltstraumen, der ho gjekk på skule. Korkje læraren eller dei andre elevane forstod eller trudde det Edny fortalte frå Ny-Ålesund. At dei leika “gøyeme og leite” i Mexico og Sibir (to av husa i byen), eller at ho hadde vore med faren på rypejakt på ski til London. På den turen hadde ho med brus, som fraus, og dei måtte inn i Mansfieldhytta og fyre opp i omnen for å tine brusen. Dette var hennar verden!

Etter broren Finn var fødd, reiste dei attende til Kongsfjorden.

Medan dei var i Saltstraumen, var der ei gruveulykke i Leiren (1952) der ni mann omkom. Året etter var der ei ny gruveulykke der 19 menneskjer døde. Edny minnast at det var mykje snakk om desse ulykkene og at ho var redd. Det hendte mest årleg på 50-talet at personar vart drepne i gruvene i Ny-Ålesund.

Så langt Edny minnast, var «Lyngen» einaste passasjerbåten som kom innom Ny-Ålesund i hennar barndom. Ein del fiskebåtar og fangstskuter kom innom sommartida. Så hugsar ho «Minna» som gjekk for Polarinstittuttet. Ein gong var dei på tur til Krossfjorden med «Minna», då var det trekkspel og dans på dekket, legg ho til.

Ofte reiste familien på sommarferie med kolbåtane, Inger-båtane, M/S «Magnhild» og Jacob Kjøde minnes ho. Kolbåtane skulle til ulike hamner på fastlandet. Edny minnast både Harstad, Tromsø, Hammerfest, Honningsvåg og Berlevåg, og så reiste dei videre med hurtigruta til Bodø. Turen over Nordishavet kunne ta frå tre dagar til ei heil veke, avhengig av været. Slik Edny minnast, vart kvinner og barn vanlegvis stua saman i små provisoriske lugarar ned i



*Telegrafen med De tre kroner bak. Foto Herta/Leif Grøndal © Grøndal Foto, Longyearbyen*

baksen, altså i botnen av lasterommet. Edny var vanlegvis frykteleg sjøsjuk. På ein tur heldt dei på å forlise, Edny var så lita at ho syntest det var stas å sjå kaptein som sprang på bruha i underbuksa. Ei luke om bord hadde opna seg, det var faren som merka det. Eit anna år dei reiste på ferie, då med «Lyngen», var Edny så sjøsjuk at ein «millionær» tykte så synd i ho, at han flytta ut av lugaren sin og familien fekk lugaren.

Edny har mange historier frå barndommen i Ny-Ålesund. Ho trur at både ho og dei fleste andre på den tida var meir redd for hundar enn isbjørn. Gjekk folk med gevær, så var det for dei skulle på rypejakt, og slett ikkje til vern mot isbjørn.

Ein dag i ni-års alderen var Edny med ei lita jente heim til telegrafstasjonen der jenta budde. Familien til Edny budde då i eit hus ned for der museumshytta ligg i dag. På heimveg vart Edny forfølgd av ein isbjørn. Heimkoma fortalte ho dette, då dei gjekk ut for å sjå, såg dei spor etter bjørnen heilt inn til ytterdøra.

Ein annan gong var det ekteparet Fredriksen som var på veg til messa og skulle ete middag, dei møtte på ein isbjørn rett utføre. Bjørnen gjekk opp på to. Kona ropte og sprang inn i messa, mens Fredriksen sjølv vart heilt



Johan Ødegaard med isbjørn. Foto frå familien Ødegaard.

paralyseret og berre sto der og såg på bjørnen. Omsider kom han til seg sjølv og sprang inn etter kona. Den bjørnen vart seinare på kvelden mata gjennom vindauge på messa.

Ein dag broren Finn på tre år var ute å leika, kom han inn til mora og fortalte at der var ein stor hund ute. Det var ein ingen hund, det var ein stor isbjørn. Mora tok på kåpa og gjekk opp til bestyrer Einar Grimsmo og fortalte at det var isbjørn i Leiren. Mora hadde ikkje våpen, og ikkje trur Edny ho var redd isbjørnen heller. Den isbjørnen vart avliva og familien fekk skinnet.

Den dagen Edny hadde eksamen i engelsk i 7. klasse, kom ein isbjørn labbane forbi skulen, som den gongen var på den gamle kontoret, blått hus, der tyskarane held til i dag. Edny opna vindauge, bjørnen kom bort til, og ho delte skulematen med han. Så den eksamensdagen minnast ho godt.

Barna i Ny-Ålesund leika mykje ute, og der var mange dyr. Polarreven var ein god leikekamerat. Den hadde hiet sitt oppen med gruva. Barna døypte revemora for Mira, ho hadde mange ungar, og desse like å kome ned i leiren og leike med barna. Låg barna på bakken kom desse reveungane og drog av luene og gøynde dei

under husa. Hadde reveungane vore for lenge vekke, kom Mira og skyssa dei i vegen føre seg opp att til hiet.


Johan Ødegaard hadde eit år to bjørneungar som han ala opp. Han mata dei. Og dei var tame. Bjørnen har svært sensibel snute. Ødegaard brukta piassavakost til å pirke dei på nasa om dei gjorde noko gale. Alle i byen gjekk då rundt med piassavakost, til vern mot bjørneungane. Kom bjørneungane for nære eller vart vart for valdsame, stakk dei bjørnen på nasa med kosten. Det lika den ikkje, og stakk av. Isbjørnane vart store og svært glade i menneskjer. Sidan sette Ødegaard dei over på Juttaholmen, der han heldt fram med å gi dei mat – selkjøtt og olje. Til sist så forsvann dei ut i naturen for godt.

I starten var der kyr som produserte mjølk i byen. Sidan vart det jernkumjølk. Dama som laga jernkumjølk, vart sjølvsagt kalla Jernkua, eit namn Edny slett ikkje syns var vakkert på ei dame. I ei periode var der også grisar i byen, Edny minnast at grisungane kom i trekasse. Då dei skulle flyttast frå kassene til bingen, var der fleire som rømte, og ungane sprang etter for å fange dei. I stallen var der fleire hestar, desse vart brukt til å køyre kol, proviant og vatn til husa. Kusken heitte Per Jamth, han var alltid snill med barna. Dei fekk sitje på hesteryggen når hesten skulle inn i stallen.

Alle dei små husa hadde vasstank med varmeelement utanfor døra. Vasstankane vart fylt opp med vatn frå vogn eller slede med ein stor vasstank. Alle hadde «ute-do» inne i husa. Hestane vart også brukt når desse skulle tømmast, rett nok med ei eiga vogn til slikt bruk.

Dei siste åra familien var i Ny-Ålesund budde dei i Londonhus 4, der var det innlagt vatn.

Edny fortel at borna i byen var mykje saman med ein sveitsar som hette Pierre Wasserfallen. Han hadde 5-6 grønlandshundar og ungane fekk



*Oversiktsbilde med Zeppelinfjellet i bakgrunnen*

Foto Herta/Leif Grøndal © Grøndal Foto,  
Longyearbyen.

lov å køre hundespann med han. Edny kan enda kjenne suget i magen når dei kørde over den vesle bruva opp til gruva og sleden eit augneblink var i lause lufta. Då var det berre å knipe seg fast. «Leiarhunden heitte Prince, ein annan heitte Varg, han var alltid sjalu, og desse to slost ofte. Pierre sa vi måtte ikkje legge oss ned i snøen, for då kunne hundane bite oss. Vi skjønte då at hundane kunne vere farlege, ja vi var mykje reddare desse enn kva vi var for isbjørn.»

Ein gong Edny og ei venninne var på tur med Pierre og hundespannet på veg til Gåsebu, ei lita gammal hytte, så fekk dei auge på masse kvitfisk i fjorden. Ved kaia låg to båtar som brukte fangste kvitfisk. Eine mannskapet var snille og kjekke, mens det andre ikkje var så kjekke. Dei to jentene ville snu for å fortelje «dei snille» at det var kvitfisk i fjorden. Pierre ville gjere det sjølv, og han sendte dei to jentene aleine med

hundespannet. Komne fram til Gåsebu tok dei tauet og sette hundane fast. Så gjekk dei inn i den vesle eit-roms hytta. Inne i hytta møtte dei to jentene det dei meinte var verdens største hund, Lurven, som dei verken hadde høyrt om eller sett. Dei to jentene vart livredde, og klatra opp i overkøya for å göyme seg, mens hunden reiste seg på to og slikka dei i ansiktet. Det tok ikkje lenge før dei var verdens beste vennar.

Etter at Pierre og hundespannet hadde reist frå Ny-Ålesund, fekk far til Edny opp en engelsk setter, som heitte Siff. På den tida var ho einaste hunden i byen. Sidan kom harehunden Bob til byen. Dei to para seg og fekk 15 kvalpar. Dei fekk også sitt eige hus, som framleis vert kalla «hundehuset». Eit spesielt minne Edny har, er at etter fødselen måtte Siff ha ein antibiotikakur, den fekk hunden av legen på sjukehuset. Dei to første dagane følgde dei hunden til legen, men dagane etter gjekk hunden sjølv, la seg utanfor døra, strakte fram beinet og venta på sprøyta. Dette gjorde den også etter kuren var avslutta. Det var ein svært klok hund.



*Oversikt over Leiren og Londonhusene, vi bodde i det lengst til venstre. Foto Herta/Leif Grøndal © Grøndal Foto, Longyearbyen*

Far til Edny hadde alltid med seg Siff på jakt. Ein gong var han uheldig og fall ned i ei bresprekk. Siff sto på kanten og såg etter han. Han klarte å få av seg ryggsekken og kasta den opp på iskanten. Så tok han skistaven og holt den opp. Siff beit fast i staven og med den hjelpe klarte han å klatre opp frå sprekken. Med hunden kring nakken kom faren heim frå jakt. Potane til hunden blødde etter å ha klåra seg fast på isen.

I det vesle huset dei budde i var der ikkje bad. Men i byen var eit stort fellesbad, med mange baderom med badekar, dusjar og badstove. Det var faste dagar for kvinner og barn.

Eit anna sterkt minne frå åra i Ny-Ålesund er då det tok til å brenne i eit hus, Edny er usikker på om det var bakeriet eller badet som brann. Det heile gjorde eit sterkt inntrykk på unge Edny.

Årets siste båt hadde med juletre, og etter den hadde gått sørover senka freden seg over Leiren. Då vart dei som ei einaste stor familie som brydde seg om kvarandre. Det var ofte arrangement på Kinosalen, juletrefesten var alltid stor stas, nyttårsfest, solfest, teater, danseskule etc. Alle basillar var vekk, og alle

var sunne og friske inntil postflyet kom med post eller vårens først båt. Då vart alle forkjøla.

Det er spesielt ein nyttårskveld Edny minnast godt. «Vi var alle samla i kinosalen, pappa og eg opptredde. Han var det gamle året som gjekk ut med krokete rygg og eit lys som nesten hadde brent ned, så kom det nye året inn, nytenna lys og kvit og fin, det var meg.»

Damene i leiren hadde dameforeininga Polarklubben, som blant anna samla inn pengar til ei kyrkje i byen. Denne vart aldri bygd. Pengane dei hadde samla inn, vart etter gruveulykka i 1962 fordelt til dei barna som missa far sin, etter at dei hadde gitt pengar til ein bauta til minne om dei mange som hadde omkomme i Kings Bay si tid.

Som nemnt var det ei eiga ro i byen etter siste båten var reist. «Om far ville på rypejakt, så berre sette han ein lapp på butikkdøra, ingen gjorde noko nummer av det», seier ho med eit smil.

Edny hadde ingen barnesjukdommar medan ho budde på Svalbard. Dei kom alle i vaksen alder etter ho hadde flytta til fastlandet.

På sjukehuset var det stort sett berre skader som vart behandla. Dei få gongane Edny var innom, så var det saman med dei andre skuleborna for å ta litt høgfjellssol i dei mørke månadane.

På vinteren var det ofte mykje snø. Edny minnast at dei fleire gongar var innesnødde i dei små husa. Då var det berre å vente til nokon kom og måka dei ut. Når det var mykje snø var det lett å klatre opp på taket. Når Finn var oppe på taket og leika i snøen, brukte han å rope ned gjennom pipa til mora og bestille brødkive. Då opna mora omnsdøra og ropa opp og spurte kva pålegg han ville ha på skiva. Som regel var det brunost.

Bakar Viktor Walle og far til Edny bygde hytte på Juttaholmen. Det vart mange turar innover,

både i byggetida og ikkje minst i åra etter når hytta sto ferdig. Det var på ski om vinteren og med båt sommartida. Aldri hadde dei med gevær i mot isbjørn.

I Trollkjerringkåken budde Grammofon-Hansen. Han hadde masse grammofonplater som ungane kunne høre på. Seinare når Edny hadde sommarjobb i Kings Bay, brukte ho å selje suvenirar frå Trollkjerringkåken.

Av andre fritidssyslar denne tida så var det alltid kjekt å få køyre med loket (lokomotivet). Det som no står nede ved Kafé Mellageret. «Første gongen eg kom attende til Mellageret vart eg sett tilbake til 50 talet, med mjølsekkar over alt, i begge etasjane. Eg kunne kjenne lukta av mjølet.»

Når Edny vart eldre fekk ho lov å selje billettar til filmane som gjekk på kinosalen. Kings Bay hadde eigne papirpengar frå 5 øre og oppover 10/25/50- øre, 1-5-10 -50-100-500-1000 kr. Det ble etterkvart ein liten stabel av pengar. Bygget dei kalla Kinosalen roma i tillegg til kinosal også briderom, kafé og ei leilegheit. I dag kallas bygget Samfunnshuset og er i tillegg til den store salen, ombygd til hyblar. I Edny sitt hovud er det framleis Kinosalen.

Etter skulegangen i Ny-Ålesund og konfirmasjon, måtte Edny til fastlandet for å gå framhaldskule og realskule. Første året budde ho med tanta i Saltstraumen. Året etter vart det hybel i Bodø. Men somrane var ho attende og hadde sommarjobb i Kings Bay. Då arbeida ho på kontoret, på butikken eller gjorde anna arbeid i byen. På butikken fekk ho blant anna vere med på kvoteutdeling. Dei som hadde bursdag fekk ei flaske ekstra, så det var mange som forsøkte å ha både to og fleire bursdagar i året, fortel ho.

Siste sommaren ho arbeida i Ny-Ålesund var sommaren 1961. Den sommaren var Kong Olav på besøk i byen. «Ein flott bil hadde kome til




*Butikken. Foto Herta/Leif Grøndal © Grøndal Foto, Longyearbyen.*

byen for å frakte kongen frå kaia til hotellet. Ingen hadde tenkt på kven som skulle opne døra på bilen til kongen, så da sprang min 9-årige bror fram og gjorde det.

Eg var garderobedame og fekk æra av å ta av kongen frakken. «På hotellet vart det servert lunsj, laks frå Kapp Mitra, fiska av Arthur Johansen, min far og min bror.» Kongen vart pratande med gruvebusen, forteljinga seier at han spurte om korleis dei likte seg osv. Gruvebusen svara at det var ein fin plass å vere, men her var litt få kvinnfolk i leiren. Kongen tenkte seg litt om, så svara han at det måtte kanskje gå ann å dele på godane.»

«Sidan vart inviterte gjestar, stort sett funksjonærar, invitert på middag om bord kongeskipet. Ja dette var ein stor dag for oss i Ny-Ålesund», minnast Edny.

«I samband med kongebesøket var sjølvsagt også direktøren i Kings Bay, Boger, i Ny-Ålesund. Han bad meg begynne å arbeide for han på kontoret i Prinsens gate i Oslo. Sånn vart eg tilsett i Kings Bay Kull Comp. i Oslo. Utan om Boger og meg, var det Schrader, Fivelstad, og Thornæs – samt ei anna kontordame der på kontoret. Schrader kunne flytande tysk, Fivelstad fransk.



*Juttaholmen med hytta vår. Foto Herta/Leif Grøndal © Grøndal Foto, Longyearbyen.*

Eg jobba på hovudkontoret til KBKC frå hausten 1961 til 1964, siste året 63-64 tok eg artium ved sidan av ved Oslo språkskole, det var ei hektisk og utfordrande tid. Då hadde eg god hjelp av språkkunnskapen til dei to i Kings Bay,» fortel Edny.

5. November 1962 er det på ny eksplosjon og brann i Estergruva i Ny-Ålesund. 21 menn vert

drepne, elleve av dei vart att nede i gruva. Edny arbeidar ved hovudkontoret i Oslo. Ho minnast at det var sjokk og hektiske dagar, med mange følelsar. Når namna på dei omkomne kom, såg ho at alle var kjente frå tida hennar i Ny-Ålesund. I tillegg var foreldra og bror hennar der oppe, det gjorde ikkje situasjonen noko betre. Einaste måten dei kunne kommunisere var via telegram. På kontoret var det tusen spørsmål og like mange praktiske gjeremål som måtte løysast på kort tid. Pårørande ringte, og på kontoret visste dei ikkje meir enn kva som hadde kome fram på nyheitene. Vidare var leiinga i selskapet skyteskive frå media, samstundes som det var

stor politisk aktivitet omkring denne arbeidsulykka.

I Ny-Ålesund vart dei døde plassert i kinosalen. Edny sin bror, Finn, som var ti år når ulykka hendte, har fortalt om den uhyggelege stemninga som var i byen blant dei vaksne. Korkje heime eller ute vart det sagt eit ord. Dei vaksne var i sjokk, og ingen tenkte på borna. Ungane gjekk fritt, og Finn kan enda sjå føre seg dei ti døde gruvearbeidarane som låg utildekt i kinosalen, svarte og føle etter eksplosjonen. Edny slutta i Kings Bay våren 1964. Etter artium, reiser ho til Steigen og arbeider eit år som lærar.

I 1967 gifter Edny seg og dei får ei dotter. Ni år etter vert ho aleinemor for dottera. Ei tid tenker ho studere psykologi, men planane vert endra.

Ho arbeidar ei kort periode på Nordland Fylkesmuseum der ho får praktisert dei nyerverva språkkunnskapane sine, før ho tek til i det som vert yrket hennar. Ho får jobb ved Bodø sykehus/Sentralsykehus som audiometri-assistent/audiograf, der vert ho fram til 1974. I 1970 tek ho handelskule. Og i 1976 vert det audiografutdanning. Dette arbeida ho med på ulike sjukehus og i ulike private firma heilt til ho vart pensjonist. Ho fatta stor interesse for audiografyrket, og bidreg til både å opprette og utvikle utdanninga, og er med å opprette høyresentralar ved fleire sjukehus. I 13 år arbeidar ho med Oticon, ein forhandlarar av høyreapparat. Ho har vore dagleg leiar for ein øre-nese-hals klinikk og siste åra i arbeidslivet er ho audiograf i Medisan, eit høyreapparatfirma. I alle desse åra arbeida ho mykje med born, og det var gjennom arbeidet ho såg nytta av å lære seg teiknspråk.

Då Edny fylte 50 år fekk ho ei reise for to til Ny-Ålesund i gave frå dottera. Edny inviterte mor si med på turen. I tillegg vart broren Finn med på



*Edny med dotter Ragnhild og bornebarna Rachel og Sophie på besøk i Ny-Ålesund. Foto familien.*

turen. I motsetning til i «gamle dagar» gjekk reisa denne gongen med fly.

«Det nærmeste vi kom fly i Ny-Ålesund på 50-talet, var når postflyet kom opp og droppa posten. Det var ei stor hending for oss ungane, som sprang rundt og plukka opp små sekkar som var festa til ein liten fallskjerm. Det kom alltid masse post, brev og pakkar. Etter postflyet vart alle sjuke. Slik var det kvart år, då kom basillane med influensane og forkjølinga til leiren.»

«Då vi kom til Longyearbyen i 94 vart eg svært skuffa. Alt var moderne, asfalterte vegar, moderne hotell med minibar og TV med MTV. Det var som å kome til kva som helst hotell i Norge. Eg sa til mor at Svalbard var øydelagt. Men då vi kom med flyet til Ny-Ålesund var alt gløymt. Der låg Leiren nesten nøyaktig som eg huska det, med unntak for at nokre hus var flytta og nokre nye kome til. Det var ei stor oppleveling å kome attende til Kongsfjorden.»

«Som pensjonist, fekk eg det frykteleg travelt, engasjert i forskjellige foreiningar og klubbar. Dottera mi må gi beskjed i lang tid før om ho treng barnevakt,» fortel Edny med eit stort smil.

«Eg er engasjert i Kings Bay Veteranklubb, det er for oss som var i Ny-Ålesund medan det var gruve drift der. Klubben har 20 års jubileum i 2021. Veteranklubben har pussa opp eit lite hus – Veteranhytta, som vi bur i når vi har «arbeidstur» til Ny-Ålesund. Då sel vi vaflar og strikkevarer til turistar frå Cruiseskip som er innom. Rundt om i landet er det medlemmar som strikkar plagg, som vi sel når vi er i Ny-Ålesund om sommaren. Mange vil opp, så det er ikkje berre styret i veteranklubben som reiser, det må rullere litt. Då tek vi fly frå Longyearbyen. Kings Bay bestemmer når tid vi får kome.»

Elles held eg hovudet opptatt med å spele Bridge og løyse kryssord. Kroppen held eg i form med dans, eg elskar å danse, så eg er med i tre dansekubar.»

I gjennom Kings Bay Veteranklubb har ho hatt glede av å besøke Ny-Ålesund fleire gonger siste åra.

«I 2008 var eg samen med fire Kings Bay-veteranar og solgte vaflar til turistar, der i blant de kongelege – Haakon, Fredrik og Viktoria. Viktoria sa til meg at Ny-Ålesund og Kongsfjorden var det vakraste ho hadde sett.»

«I samband med 50-års markeringa av Kings Bay ulykka helsa eg i 2012 på kong Harald i Ny-Ålesund. Ulykka vart også markert på Frammuseet i Oslo.»

«Oppveksten i Ny-Ålesund var som ein draum. Vi var mykje ute og vi styra oss sjølv. Eg flytta tidleg for meg sjølv, og med familien min på Svalbard, måtte eg tidleg ta sjølvstendige val. Både oppveksten og at eg tidleg måtte ta ansvar for meg sjølv, har nok påverka meg og livet mitt, eg er vand til å klare meg sjølv.

Eg har, og har hatt eit fint og godt liv. Om ikkje dottera mi budde her i Oslo med mine to barnebarn, hadde eg budd i Saltstraumen. Saman med broder Finn eig eg barndomsheimen der oppe. Barnebarna er ni og 13 år, det er stas å sjå dei vekse til. I 2017 var dotter mi og dei to jentene med til Ny-Ålesund. Det var skikkeleg stort å få syne dei Svalbard, Ny-Ålesund og Kongsfjorden.»

«Då NRK sende «Svalbard minutt for minutt» tidlegare i vinter sat eg med klump i halsen og lengta «hjem».

Stor takk for samtalen og for at du delte historia di med Isflaket, Edny.




**FURENE**  
bygger bru og framtidstru

# Hans Bruun - Smørgrosserer-sønnen, der blev polarfarer!

Af Erik Torm

21. januar 1933 kunne man i dagbladet Politiken læse en nekrolog, der indledtes på følgende måde: *"Et mærkeligt og bevæget Liv afsluttedes i gaar ude på Amtssygehuset. Kun 35 Aar gammel døde Hans Bruun efter faa Dages Sygdom. Godsejer, Bilgrosserer, "kendt Københavner", Væddeløbsrytter, Polarforsker, Jæger, Arkæolog og nu igen Gaardejer – hvilken af disse Titler skal man vælge? Hans Bruun oplevede i sit korte Liv mere, end det bliver de fleste af os beskaaret."*



*Hans Bruun, skannet fra Smør og mønster, Forfatterforlaget Attika 2006, s.83 (familiefoto)*

## Hvem var Hans Bruun?

Han blev født den 15. juli 1898 og han døde kun 34 år gammel den 20. januar 1933. Han døde efter en operation for indre kvæstelser og tarmslyng efter en tragisk ulykke i forbindelse med nedbrydning af en gammel staldbygning på Klampenborg rideskole ved Dyrehaven.

Forud var gået en på mange måder begivenhedsrig livsbane, som de tre sidste år af hans korte liv blev knyttet til polarområdet, herunder Grønland. I løbet af 1929 blev han synlig i kredsen omkring Knud Rasmussen, Peter Freuchen og Rockwell Kent<sup>1</sup>. Men på grund af sin tidlige død forsvandt han hurtigt ud af historien igen. I dag er der næppe mange, hverken kendere af Rasmussen, Freuchen eller Kent, der husker hans navn ellers hans arktiske meriter.

Historien om Hans Bruun bør fortælles af to grunde. For det første fordi historien er så forunderlig, at den i sig selv er en fortælling værd, og for det andet, fordi den også tilfører beretningerne omkring Rasmussen, Freuchen og Kent nogle interessante vinkler, hvad angår de konflikter, der gik i svang i begyndelsen af 30'erne mellem de tre arktiske personligheder – nogle konflikter, som måske kunne have fået et helt andet forløb, hvis ikke Bruun og Rasmussen begge var afgået ved døden i løbet af 1933.

Jeg vil med denne artikel forsøge at kaste lys over Bruuns relationer til kredsen omkring Knud Rasmussen og over hans arktiske aktiviteter. I en tidligere artikel i *Tidsskriftet Grønland*<sup>2</sup> om det forliste venskab mellem Rasmussen og Kent har jeg belyst slutspillet i Bruuns venskab med Rasmussen, men Bruuns virke fortjener en samlet fremstilling, der sætter

<sup>1</sup> Rockwell Kent (1882-1971), amerikansk maler, grafiker, illustrator, forfatter og eventyrer. Tre ophold i Grønland og venskab med kredsen omkring Knud Rasmussen, - først og fremmest med Peter Freuchen

<sup>2</sup> Tidsskriftet *Grønland* nr. 1/2018, s.36: "...han er en farlig mand, fordi han har charme..." af Erik Torm

ham i et bedre lys end de fragmenter af informationer, der umiddelbart er tilgængelige i de arktiske arkiver.

Bruun blev født ind i en rigmandsfamilie. Hans far, grosserer Lars Emil Bruun, tjente store penge ved at etablere en virksomhed for pakning af smør i slutningen af 1800-tallet. Han ejede flere store gårde i Charlottenlund, som han lod udstykke til byggegrunde fra omkring århundredeskiftet. Fx er Gentofte Rådhus bygget på jorder, der har tilhørt L.E. Bruun. Tre generationer af Bruun'er har i øvrigt lagt navn til veje i Gentofte Kommune. Derudover blev han kendt som møntsamler – i sig selv en spændende fortælling, som man kan læse mere om i bogen *Smør og mønster*, der er skrevet af sønnen Ioann Bruun sammen med Flemming Weye<sup>3</sup>.

### Uddannelse og ægteskab

Bruun fik sin skolegang på Stenhus Kostskole, og efterfølgende tog han en landbrugsfaglig uddannelse i England. Derefter søgte han lykken i USA, men vendte allerede i juni 1920 kort før sin 22 års fødselsdag tilbage til Charlottenlund og forældrenes hus på Annettevej 19.

Bruun levede som rigmandssøn et tilsyneladende ubekymret ungdomsliv, hvor hestesport, hurtige biler og et glamourøst playboyliv betød alt. Han var tilknyttet kredsen omkring Klampenborg galopbane, hvor han ejede heste og selv var en dygtig galopprytter, der vandt adskillige store galoppriser, fx sølvpiskens i 1927.

I Villabyernes Blad, 28/8 1927 kan følgende læses: *Sølvpiskens gik til Hr. Hans Bruun med "Licorice". Den lykkelige Ejer var selv i Sadlen, og Begejstringen hos Publikum var meget stor –*

*og med Rette – thi det var et smukt Ridt.* I 1928 gevandt han sølvpiskens. (Politiken, 23/7 1928).



Hans Bruun på hesten "Foxtrot", skannet fra *Smør og mønster*, Forfatterforlaget Attika 2006, s.90 (familiefoto)

Han færdedes som en populær figur i det københavnske overklassemiljø, men efter faderens død i 1923 lykkedes det ham forholdsvis hurtigt at formøble millionarven på sit luksuriøse liv og på et letsindigt eventyr som importør af biler.

I 1922 blev Bruun gift med datteren af en russisk immigrantfamilie, Elizaveta Bezobrazov (1902-1996), kaldet Veta. Med hende fik han datteren Elizabeth og senere tvilling-sønnerne, Vladimir og Ioann. Kort før sin død havde faderen købt godset Bækkeskov som en foræring til Veta og Hans.

Her kom tvillingerne til verden i februar 1926. Men kort tid efter solgte ægteparret godset og flyttede tilbage til Gentofte. I midten af

<sup>3</sup> Ioann Bruun og Flemming Weye: *Smør og mønster*, forfatterforlaget Attika, 2006

1920'erne havde han sat penge i automobilentusiasten Cai Caspersens (1887-1963) firma for import af Morris og Lancia; men det skulle hurtigt vise sig, at det blev en tabsdavende investering. I 1927 blev Bruun skilt fra Veta, som rejste til Nice med børnene. Bruun og Veta blev øjensynligt ved med at have en god kontakt efter skilsmissen, bl.a. omkring deres tre børn. Helt frem til Bruuns død skrev de breve til hinanden om vigtige hændelser<sup>4</sup>.

Tvillingerne flyttede senere hjem til deres farmor, Ingeborg Bruun (1864-1943). Kort tid efter skilsmissen fra Veta blev Bruun gift med Ulla Lehmann i januar 1928. Det blev ikke et lykkeligt ægteskab, og få måneder efter begik Ulla selvmord.

Kort efter nytår 1929 ”flygtede” Bruun med et skib til Østen, men opgav sit forehavende uden at nå at gå i land i Singapore, da han ved synet af et dansk skib straks fik hjemve. Da han kom tilbage til Danmark, holdt vennerne et velkomstparty for ham, og ved den lejlighed mødte han Estrid Bannister (1904-2000) for første gang, hvis man skal tro hendes erindringer *Smørrebrød & Cherryblossom*<sup>5</sup>.

Da begge var passionerede ryttere, blev det til mange ture sammen i Dyrehaven, uden at der tilsyneladende i første omgang lå mere end et venskab i det.

### Bruun bryder med sit overklasseliv

Bruuns liv kan i disse år ikke betegnes som succesfyldt hverken med hensyn til penge eller kærlighed. Ullas selvmord gik ham særdeles hårdt på. Kun på galopbanen havde han succes, men da han senere i 1929 fik kontakt med kredsen omkring Knud Rasmussen, hvortil



Estrid Bannister omkring 1930-35, skannet fra Estrid, Lindhardt og Ringhof, 1983, s.129

Estrid også hørte, tog hans liv en drejning. Peter Schmidt Mikkelsen fortæller om det i sin bog *Nordøstgrønland 1908-60* -

*Fangstmandsperioden:* ”En dag havde han tilfældigt mødt Knud Rasmussen på Bellevue Strandhotel. De blev venner, og Bruun blev grebet af Grønlandsfeber<sup>6</sup>”.

Bruun begyndte at opleve sit glamourøse københavnerliv liv som indholdstømt, og han blev fascineret af fortællingerne om de arktiske ekspeditioner.

Til Rasmussen må han have givet udtryk for, at han gerne ville prøve kræfter med livet i det arktiske område. Rasmussen må have troet på, at den unge og sportstrænede mand var i stand til at klare arktiske udfordringer, for han anbefalede Bruun til den berømte ishavs-kaptajn

<sup>4</sup> Hans Bruuns familie har omhyggeligt sørget for, at hans breve er blevet opbevaret til eventuel senere dokumentation. Materialet er endnu ikke åbent for andre end familien. Brevene til Veta kunne givet kaste yderligere lys over Bruuns liv fra skilsmissen og frem til hans død fem år senere

<sup>5</sup> Estrid Bannister Good: *Smørrebrød & Cherry-Blossom*, privattryk, 1992, Det kgl. Bibliotek

<sup>6</sup> Peter Schmidt Nielsen: *Nordøstgrønland 1908-60 - Fangstmandsperioden*, s.103, Dansk Polarcenter, 1994/2001

Bob Bartlett (1875-1946), som bl.a. havde været kaptajn for Robert Peary på dennes ekspedition mod Nordpolen i 1909. Det var Bruuns ønske at forsøge sig som sælfanger ved Newfoundland, og her havde Bartlett de rette forbindelser.

I december 1929 var Bartlett blevet kontaktet af filmmanden Varick Frissell (1903-1931) med henblik på at spille rollen som kaptajn på et sælfangerskib. Frissell ville producere en spillefilm med udgangspunkt i de canadiske sælfangernes farefulde liv ombord på sælfangerskibet "SS Viking" i isen ud for New Foundlands kyst.

Filmen *The Viking*<sup>7</sup> blev først færdig i 1931 efter en af filmhistoriens mest dramatiske ulykker, hvor Frissell selv omkom sammen med 26 andre, da skibet eksploderede under filmoptagelserne vist nok på grund af uforsiktig omgang med eksplosiver. Filmen blev alligevel færdiggjort og fik premiere i 1931 efter Frissells død.

De første optagelser til *The Viking* fandt sted i april 1930. I februar havde Bartlett fået et telegram fra vennen Knud Rasmussen, som anbefalede Bruun til en hyre som sælfanger. I februar 1930 sejlede Bruun så til USA med "M/S Newfoundland". Det fremgår af *Smør og Mønter*, s.87.

Her nævnes det også, at Bruun førte dagbog<sup>8</sup> på rejsen. I det følgende holder jeg mig til Bartletts bog *Sails over Ice*<sup>9</sup> og til artikler fra danske aviser samt andre kildematerialer, som jeg har fundet i USA. Disse kilder er ikke særligt detaljerede, hvilket betyder, at jeg i et vist omfang kan have misfortolket i hvilken

rækkefølge begivenhederne er foregået. Det betyder også, at Bruun kan have løst opgaver for Frisell og Bartlett, som ikke er kommet med i min fortælling.

Ankommet til USA tog Bruun straks til St. John's på Newfoundland for at påmønstre sælfangerskibet "SS Imogene", "where he was very popular, partly because he was very agreeable man, and also because he has a fine shot with a rifle, shooting quite a number of old seals", skrev Bartlett<sup>10</sup>.

Da Bartlett senere sejlede ud med *The Viking* for at filme, fik han Bruun med ombord. Han viste sig at være en værdifuld mand ombord. I nekrologen i Politiken var der en malende beskrivelse af hans indsats: "Hans Bruun (blev) i Kraft af sin Energi og sine udmarkede Sportsegenskaber hurtigt en meget betroet Mand. Han blev udtaget til at udvælge de 60 Fangstmænd, der skulle medvirke i Filmen, og hver Gang der var Tale om Livsfare – Skurkens Flugt hen over Isflagerne – så var det Hans Bruun, der måtte agere foran Kameraet".



*Skurkens flugt over isflagerne – en af aktørerne er måske Hans Bruun, skærmpunkt fra filmen The Viking, 1931.*

<sup>7</sup> Link til Wikipedia om filmen:  
[https://en.wikipedia.org/wiki/The\\_Viking\\_\(1931\\_film\)](https://en.wikipedia.org/wiki/The_Viking_(1931_film))

<sup>8</sup> Hans Bruuns familie er i besiddelse af tre dagbøger, som de omhyggeligt har sørget for, at opbevare til eventuel senere dokumentation. Materialet er endnu ikke åbent for andre end familien. I dagbøgerne beskriver han formodentligt sine

oplevelser mere detaljeret, end i de kildematerialer, jeg har haft adgang til

<sup>9</sup> Robert Bartlett: *Sails over Ice*, Charles Scribner's Sons, NY, London, 1934

<sup>10</sup> Robert Bartlett: *Sails over Ice*, s. 181-82, Charles Scribner's Sons, NY, London, 1934

### Bob Bartletts østgrønlandske ekspedition 1930

Efter filmprojektet skulle Bartlett med skonerten "Morrissey" på ekspedition til Østgrønland, og da Bruun gav udtryk for, at han godt kunne tænke sig at deltage i ekspeditionen, tog Bartlett med glæde mod tilbuddet. Ekspeditionen var under protektion af the Museum of the American Indian, Heye Foundation, New York, og havde et arkæologisk og antropologisk formål. Ekspeditionen var naturligvis godkendt af Styrelsen for Grønland. Efter afslutningen af filmoptagelserne og inden Østgrønlands-ekspeditionen begyndte, tog Bruun ophold hos Frances og Rockwell på deres ejendom Asgaard i Au Sable Forks, NY.

Politiken 21/1 1933, *En ejendommelig Livsskæbne afsluttet*, (nekrolog over Hans Bruun med portrætfoto)

Telegraph Magazine (datering ukendt, men fra 90'erne), *The Naughtiest Girl of the Century*, interview af Andro Linklater Arkiver:

Smithsonian Archives of American Art, Washington DC

Marietta College Library, Ohio, The Edward Bosworth Manley Collection

Arktisk Instituts dokument- og fotoarkiv, København

Frederiksværks Industrimuseum, Knud Rasmussen arkivet

Norsk Polarinstitutts Bibliotek, Tromsø

Fensmark, 25. juli, 2018

Ynskjer du å gi ei gave til  
ISHAVSMUSEETS  
VENNEFORENING?

Vi er no på Vipps og du kan sende ei gave ved å  
bruke nummeret nedanfor.

Vipps-nummer

126966

Tusen takk for all hjelp!

vipps

By DNB



## Givande og interessant prosjekt for Ishavsmuseet

I samband med årets statsbudsjett fekk Ishavsmuseet 1 million kroner som er øyremerka til innsamling, formidling, og digitalisering.

Etter at budsjettet var på plass, og vedtaket var motteke, fekk eg spørsmål om eg kunne tenke meg å gjere ein innsamlingsjobb for Ishavsmuseet i nokre månader.

Svaret var gitt. Siste månadane har eg gjort intervju med ishavfolk, svalbardfolk og andre vi har definert som innanfor Ishavsmuseet sine vengar. Siste tida av oppdraget har sjølvsagt vorte prega av korona, med dei avgrensingane styresmaktene har gitt.

Når eg no summerer opp, har det vorte gjort meir enn 35 intervju. Dei første ansikt til ansikt, dei siste på telefon. Koronatiltaka sette ein stopp for besøk og samtalar over bordet. For prosjektet var det litt synd.

Eit viktig element i denne runda med innsamling har vore å gjere intervju også utanfor Brandal / Hareid. Så folk i Ulsteinvik, Herøy, Vanylven, Vartdal/Ørsta, Sæbø, Sykkylven, Stranda, Molde, Skjåk, Balsfjord, Tromsø og Oslo har vore tapa.

Det er også variasjon på kva som er fokuset i intervjuen. Nokre er det eit heilt liv på ishavet, andre kan det vere ein tur, eller ei spesiell hending. Uansett, den dokumentasjonen er no samla på Ishavsmuseet på eit digitalt format. Det kjekke er at alle eg har spurt har vore velvillige



*Johannes Alme førebur seg til intervju.*

og bidratt på alle måtar. Der er framleis namn på lista over intervju eg ikkje rakk i denne omgang.

Å samle inn førstehandsdokumentasjon er viktig, og eit arbeid som ikkje kan utsettast. Der kjem stadig fram «ny» kunnskap i slike samtalar.

Vidare er det ingen løyndom at ishavfolk også vert eldre og dør, så her har Ishavsmuseet samla og sikra kunnskap og historier for ettertida. Når eg arbeider med dette, kjem der heile tida fram noko som gjer at eg tenkjer det må eg undersøke, han burda eg prakta med, kanskje kona hans veit noko om det osv.

Det er noko av utfordringa med prosjektet, det er tidsavgrensa og eg kjenner heile tida på at det kunna vore gjort så mykje meir.

Likevel vel eg å glede meg over alle dei interessante menneska eg har møtt og at alle deira unike historier har vorte sikra for framtidia.

Etter kvart som der er resursar og digitale moglegheiter aukar, kan deler av dette materialet verte tilgjengeleg for publikum.

Når vi har samla grunnlaget, er det også viktig å formidle historia. Det har også vore ein del av prosjektoppgåva mi. Det har vorte skrive ein del artiklar, ein del er publisert i førre og denne utgåva av Isflaket. Andre har vore publisert i aviser, blant anna Fjuken, Fiskeribladet, Vikebladet og iTromsø. Og på ulike sider på nett og Facebook. Vidare er her artiklar og halvferdige artiklar, idear til artiklar og materiell til artiklar for lang tid.

Digital kunnskap og livsteikn frå Ishavsmuseet har eg også vore innom i prosjektet. Vi har lagt ut korte filmar om gjenstandar, og vi arbeider med ein presentasjon om skuteutviklinga. Her er Ishavsmuseet framleis i startgropa, men eg vonar at når tida går og koronatiltaka slepp, vil den delen av museet verte meir synleg og tilgjengeleg.

Til sist vil eg takke alle eg har møtt denne tida. Stor velvilje og trivelege samtalar er stikkord for alle samtalar. De har alle, på eit eller anna vis gjort inntrykk, gitt meg energi og fått meg til å tenke, «fy søren kor heldig eg er som får lov å gjere akkurat denne samtalens».

Også Ishavsmuseet som gav meg oppdraget vil eg takke, det har vore ei glede å få arbeida med dette prosjektet. Ein tilleggsgevinst for museet er at både film og bildar frå ishavet har funne vegen til Ishavsmuseet grunna dette prosjektet. Mange har personleg interesse av bildar, film, dagbøker og gjenstandar. Det har eg stor forståing for, og slik skal det vere.

Likevel kan dette prosjektet vere ei moglegheit til å få digitalisert bildar og film via Ishavsmuseet, originalane får du att. Like så under rydding av bustader etter folk er borte, alt ishavsrelatert er generelt av interesse for Ishavsmuseet.

Mi personlege samling av byggeteikningar av ishavsskuter er no plassert på Ishavsmuseet. Har du teikningar, har Ishavsmuseet rikeleg med

plass. Om du ønskjer å behalde originalen, så får vi den ev. skanna og sikra for ettertida.

Eg har også fått fleire gode prov på at Isflaket vert lese og sett pris på av mange innan «rette» miljøet. Ei felles oppgåve er å gjere bladet enda meir kjend. Om du har ein ishavskompis eller ei overvintrar-venninne, er det stor moglegheit for at dei vil like Isflaket. Spesielt i ishavsmiljøet i nord er bladet lite kjend, men desto meir skatta av dei som les det. Det er hyggeleg.

Sjølv om eg har avslutta min del av arbeidet i prosjektet, er eg framleis interessert i ishav- og polarhistorie.

Har du ei historie du meiner må bevarast for framtida, ta kontakt med Webjørn på Ishavsmuseet eller meg, så ser vi korleis vi skal få det til.

Stor takk, og med ønske om ein fin sommar.

Brandal, mai 2020  
Johannes Bjarne Alme

\*\*\*

## Plukkfangst:

### Plukkfangst av blueback på Borgundvegen

En bil skulle lørdag morgen kjøre et lass selskinn over Sulesund til Ålesund. En klemme på lastekassa løsnet, og dermed begynte den verdifulle lasten å falle av.

Fra Ratviksvingen til Hauaplassen drysset det slumpevis blueback og whitecoat, til stor forundring for de øvrige morgentrafikanter som ellers er vant til å finne overkjørte katter og pinnsvin.

Straks uhellet ble oppdaget sendte firmaet en annen bil innover for å drive plukkfangst på asfalten. Bilen kom tilbake med 41 skinn.

Ni er fortsatt saknet.

(Sunnmørsposten 1966)

# Bryllupsreise i isen

Solveig Sæterdal

Av Tor Jacobsen  
Aktuell 22/12 1956



Da Fredrik Sæterdal giftet seg sommeren 1953, lovte han sin kone verdens største kjøleskap i bryllupsgave. Og han holdt sitt løfte. Bryllupsgaven var Grønlandsisen.

Det var nok de som mente at det unge, nygifte paret ikke ville bli lenge på Grønland. Fredrik Sæterdal hadde riktignok flere overvintringer bak seg, han begynte som fangstmann alt som 14-åring sammen med sin far, men hans 21-årige kone fra Mosjøen hadde liten erfaring i den slags villmarksliv.

Ekteparet Fredrik og Solveig Sæterdal forbause selv sin familie med å overvinstre tre år på rad ved Holsbu i Moskusoksefjorden. Og var det ikke for at kona ventet en unge, er det slett ikke sikkert de ville returnert i høst heller.

– Hvorfor vi ble så lenge? Det skyldtes vel nærmest meg, sier fru Solveig og ser på sin mann. – Etter to år i isen ville nemlig Fredrik gjerne dra heim, men jeg nektet. Og dermed ble vi enda et år. Jeg trivdes så utrolig godt.

Ekteparet kom til fangststasjonen Holsbu 5. august 1953, og hadde først et svare strev med å sette huset i brukbar stand. Stasjonen eies av Arktisk Næringsdrift, og der var bare mannfolk som hadde vært der sist. Det så ut deretter. Men etter en uke med malerkost og vaskebøtte begynte det å bli sving på tingene. Fredrik snekret sammen møbler. Lenestoler ble tryllet fram, trukket med moskusskinn og satt inn i den vesle stuua. Ei solid tønne ble forsynt med dør og



Ved Hoelsbu. Foto Sverre Storholz

simsalabim: bar- og medisinskap! Et lite tilbygg ble reist slik at ekteparet fikk plass for ei seng og sin medbrakte symaskin og i enda et annex rigget de til badstubad med dusj! ”Vanntanken” var en tønne på taket. – Litt strevsomt å fly på taket med varmt vann vinterstid, innrømmer fru Solveig, – men deilig med en dusj.

Omsider ble fangststasjonen en koselig, liten heim med radio på stuebordet og medbrakte bøker og aviser i bokhylla. Men det unge paret var ikke kommet til Grønland for å feriere. Reveheller ble plassert rundt om i terrenget, og fangst-mannens slitsomme liv begynte.

– Første vinteren var fæl, sier fru Solveig og skutter seg ved tanken. – Termometeret krøp helt ned på 49 grader, det blåste og stormet og det snødde så vi holdt på å snø ned.

Det ble litt av en ilddåp – eller rettere sagt isdåp – for den unge fruen som alltid fulgte mannen på fangstturene. Hun forteller: – En gang brukte vi 9 timer på å tilbakelegge en strekning på 8,5 kilometer! De siste kilometerne gikk vi foran hundene for å brøyte vei, men da det gjenstod bare 400 meter til fangsthytta, greide ikke

hundene mer. Vi måtte spenne dem fra og trekke dem etter oss til hytta.

– Hvordan hun greidde alle strabasene?

– Man greier det utrolige når man må. Jeg glemmer aldri turen til den danske stasjonen Danebrog i 1954. For å greie den siste etappen på 5 mil av den 20 mil lange turen, gikk vi 16 timer i ett strekk.

Ekteparet hadde 14–15 revefeller ute til enhver tid. Rund-turen fra hovedstasjonen og tilbake igjen ble ca. 45 mil og tok fra 3 uker til 1 måned. En kort hvil, bøting av klær og redskaper, og så ut på ny tur. Siste året tilbrakte paret tilsammen bare 3 uker ved hovedstasjonen. Resten av tida vand-ret de to alene rundt om i isødet for å se til fellene. De levde på brød og tørr mat og sov i små krypinn av hytter.



*Rev i fella. Foto Sverre Storholts.*

– Hva ble så resultatet av alle disse årene?

– Første året 90 rev og 16 tonner laks – hver på 100 kilo. Prisen på laks er 5 kroner pr. kilo. For rev er gjennomsnitts-prisen 40 kroner. Det andre året ble det 224 rev og 22 tonner laks og tredje året 57 rev og 15 tonner laks. Ekteparet kunne

hvert år varte opp med rekordfangst blant dem som over-vintrer. Og andre års resultater formannens vedkommende er de beste som noen overvintrer har greidd på Grønland.

– Det er nok mange som tror det blir penger av dette, sier Sæterdal, men de tar feil. Selskapet holder oss med hus, hunder, brensel osv., men skal til gjengjeld ha 40 prosent av fangstintekten. Når jeg så forteller at bare provianten disse tre årene kostet oss 12000 kroner, kan enhver regne ut omtrent hva vi fikk igjen. Helt pengelens ble vi da ikke, men vi har ikke mye igjen for strevet.

– Noe har vi da, skyter fru Sæterdal inn. Alle de hyggelige minnene, skiturer i strålende måneskinn og nordlys så flam-mende som vi aldri opplever det hjemme, timene sammen med kjæledeggene våre, de ti trofaste og snille grønlandshundene. Og så det å være alene bare vi to. Unge mennesker har godt av en slik overvintring. Da først forstår man hva det vil si å vokse sammen.

Sier byfruen som har tapt sitt hjerte til Grønlandsisen. – Jeg må tilbake, sier hun fast, kanskje alt til sommeren. Av og til griper lengselen meg slik at jeg blir sjuk. Det er så sant, så sant det Giæver har sagt, at den som engang har vandret over islagt hav, får alltid lyst til å vende tilbake.

Når dette leses, sitter unge fru Sæterdal alene heime i Mo, kanskje med en liten baby i fanget. Mannen er nemlig ett eller annet sted i Antarktis, ombord på «Polarbjørn». Denne gang skal han ikke overvinstre. I mai kommer han tilbake, og da går kanskje turen til Grønland igjen.

# Nærleik. Lokalkunnskap. Personleg kontakt.

**Derfor er vi tilstades på  
Hareid og vil ha deg som  
kunde.**



Melinda Skeide  
Banksjef  
416 65 873  
[melinda.skeide@sbm.no](mailto:melinda.skeide@sbm.no)



Turid F. Leknesund  
Autorisert finansiell rådgivar  
915 87 894  
[turid.leknesund@sbm.no](mailto:turid.leknesund@sbm.no)



Solgunn Røyset Almedal  
Autorisert finansiell rådgivar  
901 49 018  
[solgunnroyset.almedal@sbm.no](mailto:solgunnroyset.almedal@sbm.no)



Sølvi Anita Rekkedal  
Autorisert finansiell rådgivar  
415 64 735  
[solvi.rekkedal@sbm.no](mailto:solvi.rekkedal@sbm.no)



## **Selfangst ved Newfoundland i 1970. "Melshorn" og "Asbjørn".**

**Eit 50 års minne.**

**Av Johannes Bjarne Alme**

"Å plukke opp dei siste fem av mannskapet frå "Asbjørn" frå isen, mens "Asbjørn" med sterk slagseite og 10 grader skjering på propellen, kom sirklande på kollisjonskurs, var ikkje heilt enkelt"

I 1970 hadde protestane imot selfangsten så vidt begynt. Ein konsekvens av protestane, og den store fangsten på Newfoundlandsfeltet var at Canadiske styresmakter hadde sett starten på selfangsten til den 22. mars, og ikkje den 10. – 12. mars som åra før. Total fangsttid var og kortare – 6 dagar mindre enn i 1969. Eit resultat av starttidspunktet var sjølv sagt at det vart lite fangst av kvitungar. Trass dette, var det heile 14 norske skuter som rusta ut for fangst ved Newfoundland dette året.

Frå Sunnmøre reiste "Veslekari", "Veslemari", "Polarhav", "Polarstar", "Polarbjørn", "Polaris", "Kvitungen" og "Melshorn". Nord frå var det skutene "Heimen I", "Kvitbjørn", "Harmoni", "Norvarg", "Asbjørn" og "Lance II".

I selfangstrapperten for fangståret 1970, kan vi lese følgjande om Newfoundlandskskutene: Gjennomsnittleg mannskap om bord var 25. Brutto register tonnasje var 418 , netto 164. Motorstorleiken var i gjennomsnitt på 1503 hk.

"Melshorn" var bygd ved Liaaen i 1956 for KS AS "Melshorn" - Nils, Reidar og Ola Pilskog, Martin Karlsen AS og G C Rieber AS. I grove trekk var skuta som "Jan Mayen" – som då heitte "Heimen I" og som "Veslekari".



*Skipper Nils Pilskog på "Melshorn".*

Skuta hadde no måla Loa 42,0 m, Lpp 37,4 m, Bspt 7,5 m, Driss 4,3 m. Som ny hadde den ein Deutz på 660/720 hk, som vart oppdatert til 1000 hk i 1962. I 1966 vart motoren teken ut, og ein ny Deutz på 1500 hk vart montert.

"Melshorn" med skipper Nils Pilskog gjekk frå Ålesund den 10. mars. For oss som berre har høyrt om oversiglingane til Newfoundlandsfeltet, er det kanskje vanskeleg å sette seg inn i kva dette var. Kort sagt var det 8 til 10 døgn over eit av verdens farlegaste havområde - vinterstid.

Nokon har fortalt at ein brukte å seie at kvar oversigling til Newfoundland forkorta livet med eit år, det seier noko om kva dette var. I følgje dagboka var det kuling og noko sjø omrent heile oversiglinga. Bak desse tre orda ligg det mykje slingring, lite matlyst, over ope dekk for å få mat. Samt faren for å møte stor og farleg is ved Kap Farvel. Når det er skrive, så var nok dette med berre kuling, betre enn kva ein ofte møtte på desse turane, det ser ein på tida dei brukte over, den 18. mars møtte dei isen. Då var dei på N53o 45` . Dei neste dagane leita dei etter selen, den 20. mars var Karl Karlsen ute med fly og leita etter selkast.

Den 22. starta fangsten, "Melshorn" var då aust for Bell Island. Dei fekk 240 blueback og



"Melshorn" i isen. Foto frå Peder Sørheim

klappmyss. Dagen etter fanga dei og på Klappmyssen, i området ved Cape Bauld, i treg is. Den 24. fann dei selen, det er i området ved Cape Bauld, men dei kjem innom grensa, og må gå 6-7 n. m nordover og fekk om lag 1100 dyr. Vêrmeldinga er dårlig, og dei ligg i stor is, så dei går austover for å kome ut av den største isen, dei ligg også fast nokre timer.

Dagen etter, den 25. fangstar dei klappmyss igjen, der det vart om lag 300 av den. Det er 15-16 n. m ONO av Cape Bauld. Om kvelden begynner dei å gå nordover mot eit kast som var ved South Woulf. Dagen og natta etter går dei vidare på nord, og den 27. klokka 13:00 går dei på isen, dei er no rett aust for South Wolf. Denne dagen får dei 1100 dyr. Dagen etter fangstar dei vidare mens dei går nordover. Denne dagen klarer dei i overkant av 1600 lurv. Dagen etter, den 29. er dei i same området – 8.-10. n. m aust av Spotted Island, formiddagen er bra, men det slaknar av utover, men dagens fangst blir 5-600 stykk.

Vêret hadde vore skiftande, men i følgje dagboka har det vore ein del trassig is. Den 30. Mars fangstar ein på syd, litt slakt om morgonen, men god fangst på ettermiddagen. Under kontroll av oljemengde, ser ein at tankveggane i konsumtanken hadde fått seg nokre kraftige smellar, men ingen hol vart oppdaga.

Den 31. fangstar dei litt om morgonen, men kjem seinare ut av kaste-isen. Dagen etter plukkar dei Blueback på sør, like eins den 2. april. Den 3. april går dei sørover, i opent vatn finn dei ut at roret er benda 10-12 grader til styrbord, utan at det betyr noko for fanginga. Den kvelden la dei stilt klokka 17:30, 17 n.m. SO av nordenden på Bell Island. Slik fortsett dei å leite og fangste desse dagane, dei er i området Bell Island – Cape Bauld. 7. april slo dei inn ei stor bule på styrbord side av skansekledningen, legg stilt 40 n. m aust av nôrdste Gråøya.

Onsdag 8. april er det ONO kuling og snøkave, om kvelden i 21:00 tida slår dei hol i skutesida



*"Melshorn" med hol i baugen. Foto frå Peder Sørheim*

på babord side. Dei legg stilt og finn at fôrpiggen er full av sjøvatn, som dei seinare lensar ut. Holet var om lag ein meter langt og 6-7 cm på det breidasa, to spant og ein skjergang var og knekte. Natta og formiddagen etter låg dei stille og tetta holet provisorisk, seinare gjekk dei mot "Kvitbjørn" som låg nordaust for dei. "Kvitbjørn" hadde plater som dei fekk til å reparere med. Dei låg no aust for Synste Gråøya. Dei låg stille heile den dagen og natta etter, for å reparere, spanta og skjergangen.

"Heldigvis hadde vi med to flinke sveisarar", fortalte skipper Nils Pilskog, det var Magnulf Bigset og Per Johan Waage. Dei arbeidde på skift, det var så trøngt, at det var ikkje plass til meir enn ein mann i gongen, men det var mykje gass og røyk dei plagast med medan dei sveiste på desse trønge plassane. Nokon dramatikk følte vi ikkje at dette var, seier Nils, men vi måtte jo få tette skuta så vi kunne fortsette fangsten. Laurdag 11. april klokka 12:00 er dei ferdige å reparere skaden, samla fangst til då var 8915 dyr. Dei neste dagane er det kuling, dønning og dårlege forhold for fangst. Seinare blir veret betre, men stor og teit is gjer forholda for fangst vanskelege.

Gratangskuta "Asbjørn" hadde tilliks med "Melshorn" vore på loddefiske før dei gjekk på

selfangst, dei utklarerte frå Tromsø den 11. mars.

"Asbjørn", T-2-G, LCXD, var bygd på Kaarbø Mek. i Harstad i 1962 for Håkon Jensen mfl Foldvik i Gratangen. Skuta hadde måla Loa 39,2 m, Lpp 33,8 m, Bspt 7,9 m, Driss 4,3 m., Brt 311 tonn, Nrt 118 tonn. Som ny hadde den ein MAK motor som ytte 900 hk, i 1966 var dei til Tyskland og sette inn ein ny MAK på 1200 hk. Skuta hadde vore kontrollert av Veritas i 1968 og 69, utan at det då var noko å legge til merke på skroget.

Skipper på "Asbjørn" hadde i alle år vore Bjarne Jenssen som og var medeigar i skuta. Til liks med dei andre skutene på feltet hadde dei vore plaga med därleg is, dei hadde bl a vore faste i isen, så dei hadde brukt dynamitt for å kome seglause. Dei hadde fanga ein stad mellom 3700 og 3800 dyr, då dei fekk problem med turboen på hovudmotoren, og måtte inn til St John's for å skifte den.

Dei blir ferdig og går ut derifrå 18. april klokka 15:00. Dei kursar nordover – i bra ver, då dei passerer Funk om morgonen den 19. april er det liten kuling, lett skodde og moderat sikt. Dårlegare ver blir det utover dagen, med aukande vind og snøbyer. Dei passerer nokre strimla med is, nokre skar dei gjennom, mens andre gjekk dei rundt. I følgje Sjøforklareringa er det ingen kollisjon med store flak som skal kunne førårsake nokon lekkasje. I 21 tida om kvelden går dei inn i isen og legg stilt. Det var no sterk kuling frå nordaust, snøkave og svært lite sikt.

Vêrmeldinga meldte storm, og skipperen la seg nedpå i salongen for å slappe litt av. Vakthavande fangstmann sjekka over at alle luker var skalka. I 23 tida vart skipperen purra av vakthavande fangstmann, som syntes skuta hadde vorte svært tung. Ved nærmar undersøking finn dei at fôrpiggen var full av vatn, dessutan var det vatn i fryserommet og i lasterommet.

I følgje sjøforklaringa er lekkasjen eit mysterium, i alle høve hadde ingen av dei som der forklarte seg, merka noko som skulle tilseie at ein skulle slå hol i skuta.

Paul Stark – seinare skipper og reiar på andre skuter, var styrmann / skyttar på "Asbjørn" i 1970. I "Vi Menn" nr 18 \ 1992 fortel han som sjøforklaringa seier at dei kom ut frå St John`s, og at dei var på veg nordover. "...i et uvær som gjorde selv de barkete selfangerne bleke. Og så kom smellet... - Jeg hadde frivakt da, men ble purret midt på natta. Vi traff et isflak så det dundret. Det var som om hele skuta ble splintret. Vi var sikre på at hele baugen revnet, og det forreste vannrettet skottet sprakk, så vannet fosset inn i lasterommet".

I telefonsamtale med Paul Stark har han sagt omtrent det same, veret var NO vind – storm. Han hadde frivakt, men merka godt at skuta gjekk på ein storis. I følgje han var smellet slik at alle om bord burde merke det, og skjøne at dette var meir enn kva skuta tolte.

Når tid skaden skjedde, og på kva måte – er uråd for noko som ikkje var om bord å ha noko formeining om.

"Asbjørn" var no lek, og ein måtte begynne å førebrede seg på at det kunne ende med forlis.

Skipper Bjarne Jenssen er i radioen i 23 tida (22-tida i følgje "Melshorn" si dagbok) og melder frå at dei var i vanskar. Den Canadiske skuta "Teta" var i nærleiken av "Asbjørn", dessutan sette "Melshorn", "Kvitungen" og "Polarstar" kurs imot "Asbjørn".

"Melshorn" hadde grunna det därlege veret lagt stilt klokka 20:00 den dagen. Dei låg saman med "Kvitungen" – Skipper Per Bøe. "Kvitungen" var ute på sin første tur, og i følgje Nils Pilskog viste skuta seg som ei svært god skute i isen. Veret var storm, med stor sjø og farlege flak i sjøen. "Kvitungen" som hadde mindre fangst inne, og dermed flaut lettare enn "Melshorn"

gjekk først, med "Melshorn" rett aktenfor. Slik veret var, var det ikkje ufarleg å gå slik, enn om "Kvitungen" rende på eit flak som stoppa dei, ville vi klare å manøvrere unna? seier Nils Pilskog no 32 år etter.

Om bord i "Asbjørn" er alle 21 mann i fullt arbeid. Nokon gjekk i gang med å klargjere fangstbåtane, andre sjekka flotane, leitte fram nødrakettar, bluss, og tvist og olje for å ha til å blusse med, mens maskinfolket og nokre av fangstfolka konsentrerte seg om å lense, og sjekke status på tankane, lasterommet og i fryserommet. Vatnet i fryseromet var blanda med olje, i sjøforklaringa har ein mann vurdert mengda til å vere dei øvste 40 cm av vatnet som var i fryserommet.

Vidare vart det slege fast at denne oljen var brennolje, eller solar som desse karane kalla han. Sannsynlegvis kom oljen frå botntankane under fryserommet. Pumpene som "Asbjørn" har klarer ikkje å redusere vasstanden merkbart, så maskinisten koplar kjølevasspumpa på hovudmotoren og til lenseleidninga, i eit forsøk på å töme fryseromet.

I lasterommet hadde ein spektank som det var nedplatta 250 stk gråselskinn i lausna, og låg og flaut i lasterommet. Restar frå loddefisket er med på å tette silane, så dei må reingjerast og kontrollerast med jamne mellomrom. Ved 00:30 tida om natta låg "Asbjørn" merkbart tyngre i sjøen, og den krenga mot babord – 20 grader. Vinden stod no inn frå styrbord side, ein fangstbåt og begge dei to flåtane som "Asbjørn" hadde, vart sett ned på isen.

Ved 02:00 tida om natta er vinden auka til storm, skipperen ville no ta om bord att ein del av utstyret, men då ein skulde ta om bord att fangstbåten seig heile rekka på "Asbjørn" under vatn, så det forsøket måtte giast opp. 8.-10. mann vart att på isflaket i lag med fangstbåten og flåtane. Dei søkte ly for vinden i ein av flåtane, men sjølv med alle mann om bord, ville

vinden fare med flåten, så denne måtte fortøyast fast til fangstbåten.

Ein av mannskapet hadde nokre dagar tidlegare fått ein kjole med kokande vatn over seg, han var altså brannskada. Det var difor ei stor belastning for han å kome seg ned på isen og om bord att og. Han var heilt avhengig av hjelp av andre for å klare dette.

Om lag klokka 04:00 begynte isflaket med folka og utstyret på å kome på drift, samstundes som det begynte å brekke i mindre delar. Det heile var eigentleg ganske dramatisk, men folka vart berga om bord att, og fangstbåten vart teken på slep. Det kunne no sjå ut som om det var mindre vatn som kom inn, og at dei klarte å halde skuta på pumpene.

Om lag klokka 07:00 kom "Melshorn", "Kvitungen", "Polarstar" og Teta" omrent samstundes fram til "Asbjørn". Det bles framleis storm, men i følgje sjøforklaringa var sikta no betre – om lag ei sjømil.

I eit forsøk på å lense skuta vart ei lenspumpe med kapasitet på 1500 l/ timen frå "Melshorn" teken om bord. "Melshorn" hadde likestraum, mens "Asbjørn" var meir moderne og hadde vekselstraum, så mellom dei to skutene vart det og strekt ein kabel for drift av pumpa. Til å begynne med såg det ut som om dette skulle gå bra, klokka 11:30 var vasstanden i lasteromet og i fryseromet merkbar mindre, men skuffinga var stor da ein ved kontroll ein halv time etter konstanterte at det hadde stige, og at det auka forholdsvis raskt. Vatnet steig heilt oppunder luka i fryseromet, så dei sette på denne luka. Årsaka til dette kan vere at i løpet av natta hadde issørpe lagt seg i sprekka i baugen på skuta, og på den måten vore med på å redusere vassinnntrenginga. Når så dei andre skutene kom til, og "Melshorn" la seg rett framfor "Asbjørn" med sitt propellvatn rett i baugen på "Asbjørn", så kan dette ha vore med å opne sprekka igjen. Maskinisten på "Asbjørn" – Frode Lalid - peila vasstanden i lasteromet kvart tiande minutt, og



"Asbjørn" låg til babord med rekka så lang nede i vatnet at sjøen slo imot lukekarmen. Foto frå Peder Sørheim.

på ti minutt steig det no i lasteromet med ein halv meter.

"Asbjørn" låg til babord med rekka så lang nede i vatnet at sjøen slo imot lukekarmen. Maskinisten forsøka å trimme skuta med maskintankane, men det hjelpte ikkje. Botntankane gjorde han (heldigvis) ikkje forsøk på å trimme med. I følgje maskinsjef Lalid var skuta så skeiv siste gongane han var nede i maskinrommet, at han måtte gå på baksida av leideren.

I denne situasjonen bestemte skipperen at skuta skulle evakuerast. I 13:00 tida forlét 16. mann (19. i følgje maskinsjef Frode Lalid) "Asbjørn" og gjekk om bord "Melshorn". Måten dei gjorde det på var at dei gjekk ned på isen på styrbord side, og "Melshorn" plukka dei opp frå isen. Dei resterande om bord, tok med sertifikat og dagbøker, før dei etter å ha konstatert at skuta stadig flaut tyngre og tyngre i sjøen, bestemte seg for å kome seg ned på eit isflak.

I følgje maskinisten si forklaring, var det ikkje kome vatn i maskinrommet mens dei var om bord i skuta. "Asbjørn" vart fôrleta med motoren i gang, og med om lag 10 grader stigning på propellen. Skuta gjekk difor sakte i sirkel mot



"Asbjørn" forliser. Foto frå Nils Pilskog

babord, etter at mannskapet hadde gått frå borde.

I samtale med skipper Nils Pilskog på "Melshorn" har han spesielt trekt fram denne episoden som kritisk. Det var ikkje så enkelt å kome til å plukke opp dei siste av mannskapet, når havaristen kom sigande på kollisjonskurs med både flaket dei stod på og med "Melshorn" som skulle prøve å plukke dei opp. Men folket vart plukka opp, og det heile skjedde utan større dramatikk.

Maskinsjef Frode Lalid var saman med skipper Bjarne Jenssen den siste som forlet "Asbjørn". Han fortel at han gjekk på styrbord skuteside ned på isflaket. Det var framleis litt sjø, og både skipper Bjarne Jensen og han sjølv følte at skuta var ustabil, og frykta at ho skulle kantre over til styrbord. Dei vart difor samde om at ein skulle gi eit litt skjering på propellen, slik at skuta ikkje

vart liggande attmed flaket som dei skulle stå på til dei vart plukka opp. Det dei ikkje rekna med var at "Asbjørn" skulle støyte imot eit isflak og begynne å gå i sirkel.

Kort tid etter at dei siste hadde kome om bord i "Melshorn" kantra "Asbjørn" over mot styrbord og forsette å sirkle rundt. Klokka 15:10 stoppa hovudmotoren og hjelgemotoren på "Asbjørn", og skuta låg då med bruvingen i sjøen. Seks minutt seinare sank skuta med akterenda først. I følgje deccaen til "Melshorn" i posisjon N 50° 37', W 55° 14'

I følgje sjøforklarings, og også i samsvar med kva Paul Stark har fortalt, hadde fleire av dei som var om bord "Melshorn" sett ei kvit vassrett stripe på styrbord side av baugen på "Asbjørn". Etter deira meining var dette ei sprekke i skroget. I sjøforklarings står det ikkje noko om lengda på sprekka, men Paul Stark meinte den var 4 – 5 meter lang.

Ser ein på arrangement, utforming og klassenotasjon for "Asbjørn" så kan ein ikkje sjå at der er store skilnader på Kaarbø-skutene (Lance II og Asbjørn) og Liaaen-skutene. Liaaen-skutene hadde Liaaen-baug, med Liaaen knekken i vasslinja, mens Kaarbø-skutene var runda fint av heilt ned til kjølen. I samtale om skuter med skipper Johan Holstad i 1993, hugsar eg tvert i mot at han trekte fram nettopp "Asbjørn" som ei snerta skute, som kom seg godt fram, slapp isen lett og svinga godt. Klasse notasjonen tilseier at den skulle vere like sterk som dei andre skutene. Ein kan nok tenke seg tanken, at dei hadde lite fangst, var ivrige etter å kome seg ut på feltet igjen, og er litt uforsiktige i den veksande sjøen, og eit flak treff dei forkjært, meir skal ikkje til.

Midt opp i all dramatikken om bord i "Asbjørn" begynte stuerten å bake brød. På spørsmål frå besetninga om bord, så berre svara han "Vi misser aldri denne båten", så brød rekna han



Asbjørn forliser. Foto fra Nils Pilskog

med at det vart bruk for. Trass i slagsida, klarte han å elte og slå opp brøda, og jammen fekk han dei i omnen og, før han måtte forlate skuta. Når skipper og maskinist kom velberga om bord i "Melshorn", var stuerten rask frampå å spurte om dei hadde tatt ut brøda. Då det vart klart at det ikkje var gjort, var kommentaren, "Faen, no står brøda mine og svies"!

Denne handlinga stemmer godt overeins med ei av forklaringane i sjøforklaringa og, der ein mann på direkte spørsmål svara at han ikkje trudde at skuta ville forlise, men at dei kom til å vere om bord i "Melshorn" medan ein tømte og tetta skuta.

"Melshorn" var den av dei fire skutene som kom til som hadde mest fangst inne, og dermed kortast tid att å fangste, dessutan ville det vere vanskeleg å samle alle frå "Asbjørn" om dei vart fordelte på fleire skuter. Dagen etter vart det lova at isbrytaren "John A McDonald" etter ferdig oppdrag som den var på skulle kome å hente folka frå "Asbjørn". Den dagen plukka dei ein del gråsel aust for sørste Gråøya, der dei og la stilt for natta. Dagen etter hadde "Kvitungen" og "Polarstar" kome i fangst sør av Cape St Anthony, men teit is gjorde at "Melshorn" ikkje kom inn. Den 23. april fortsetter dei vidare nordover, leita inn i gjennom isen, men finn

ikkje noko. Isbrytaren som er opptatt med å løyse to Newfoundlandske skuter som er faste i isen ved Cape St Louis er det heller ikkje noko nytt i frå.



Isbrytaren "John A McDonald", nokre år tidligare. Foto Otto Holstad

Den 24. april leitar dei framleis nordover, og klokka 13 ser dei selen, men den er langt inne i isen, men etter ein fottur på to og ein halv time er dei framme, og kan begynne å fangste. Skuta bauga heile ettermiddagen, og i kveldinga er den inne ved første skinndungane.

Skipper Pilskog purrar på både isbrytaren og Karlsen i Halifax for i-landsetting av mannskapet frå "Asbjørn", men ingen lovnader blir gitt. Dei er no meir enn 40 mann om bord, og det er langt meir enn kva skuta har plass til. Sjølvsagt hjelper dei litt til, men verken innreiinga, køypllassar etc. er meint for så mange menn.

Fangsten denne dagen vart om lag 700 dyr. Morgonen etter startar dei å jolle om bord skinna klokka 05, og er ferdige til frukost. Seinare ser dei fleire dyr, dei går på isen og får ei 500 stykkjar, dette er fangst i det som blir beskrive som til dels stor is, så det var ikkje nokon enkel jobb å få desse dyra. Dagens kontakt med isbrytaren er som før, ikkje ferdig med jobben, og veit heller ikkje når dei blir det.

I følgje maskinsjef Frode Lalid vart det frå land sagt at dei no hadde vore så lenge om bord, og "Melshorn" hadde snart full fangst, så dei måtte vel kunne bli med "Melshorn" heim! "Melshorn" var på ingen måte utrusta med proviant, køyar eller redningsutstyr for så mange, så det vart høfleg, men bestemt avslått. Søndag 26. april, er det skodde og regn. Dei leitar i området aust for Bell Island, men det vert ingen fangst, og heller ikkje noko nytt om henting av folket frå "Asbjørn". Dagen etter lettar skodda litt, og i 10-tida ser dei selen, og gjekk på isen og begynte å skyte. Fekk ei 1100 dyr, og heldt på å jolle til midnatt. Dei fekk då melding om at "Kvitfjell" (som då var under canadisk flagg) hadde motortrøbbel, og skulle til lands, så dei gjekk for å møte dei. 28. April om morgonen i 09:30 tida møter dei "Kvitfjell" – ca 37 nm OSO av Cape Bauld, og folket frå "Asbjørn" kjem seg vidare mot land. I følgje sjøforklaringa blir dei sett i land i byen Dildo. Mannskapet frå Asbjørn hadde då vore om bord i "Melshorn" i åtte døgn. Maskinist Frode Lalid seier at opphaldet var greitt, sjølvsagt var det trøngt, og alt slikt. Det han hugsar er selkjøttet som stuert Rolf Hovlid på "Melshorn" serverte i alle slags ulike variantar, frå biff til syltalabba, og alt smaka like godt!

"Melshorn" går mot "Polarbjørn", som er i posisjon 15 nm aust av Bell Island, og er midt i selen. Dei kjem dit i fire tida på ettermiddagen, og klarer å få om lag 700 dyr den dagen. Dessutan ser dei mykke sel frå der dei ligg. Dagen etter startar dei å jolle om bord, og få på isen klokka fem om morgonen. Dei er ferdig i ni tida om morgonen. Då er dei også lasta, så dei går i gang med å gjere sjøklart, mens dei går ut av isen. Ved fangst slutt har dei 12069 dyr om bord, og ca. spekkmengde er 270 tonn. Etter ei oversigling i liten kuling og bris, og med gjennomgåande noko sjø er dei heime i Ålesund som den første sunnmørskskuta den 7 mai.

Tromsø-skuta "Norvarg" var heime nokre dagar tidlegare med ein fangst på om lag 12 800 dyr. I selfangstrapperten frå 1970 kan vi lese at det totalt vart fanga 119 527 dyr på Newfoundlandsfeltet. 115 200 grønlandssel, men berre 5772 hårfaste kvitungar, imot 45 700 slike året før. Spekkmengda som dei norske skutene tok heim var 2 361 tonn. Gjennomsnittleg hadde kvar skute med 9194 dyr heim. Lengda på kvar fangsttur var i snitt 61 døgn. Inneklareringsverdien var i gjennomsnitt på 708 000 kroner.

Og ei skute forliste!

I ettertid snakka eg med Paul Stark om dette forliset. Han meinte det ovanforståande dekte godt kva som skjedde og korleis det gjekk føre seg. Han la til følgjande:

"I frå den stunda vi forstod at det hadde kome sjø i lasterommet, skjønte både Bjarne og eg at skuta sin skjebne var bestemt.



Skipper Paul Stark, her i tønna på Polarfangst.  
Foto Carl Emil Pettersen.

Vi hadde sjølvsagt eit håp, og måtte gjere eit forsøk på å berge skuta, men i praksis kunne vi ikkje sjå korleis vi skulle klare å gjere det. Ein ting er det å halde skuta flytande på pumper med

hjelp frå andre skuter i isen, men korleis berge seg til lands, det såg i alle fall ikkje eg korleis vi skulle klare."

Hendinga med folka som gjekk på isen, sat hardast i minnet. Bjarne var sliten og litt oppkava av det vi var midt oppi, og han kunne nesten ikkje nekte folka å gå på isen når dei ønskte det. Men når vinden tok fatt i dei og isen, og ville føre dei til havs, følte vi som var att om bord i "Asbjørn", at situasjonen var kritisk. Skuta låg veldig tungt i sjøen, og vi måtte berre la det stå til utover etter folka. Då vi nærma oss, og eg såg korleis vi ville treffe flaket, brukte eg ein megafon til å instruere dei om å hoppe over rekka så fort som mogleg.

Heldigvis låg vi så lågt i vatnet at dei nærmast kunne skreve over rekkja, og sjølv den skadde mannen kom seg rimeleg smertefri om bord att i skuta. Redningsflåten og fangstbåten vart også berga. Eg må innrømme at både skipper Bjarne Jensen og eg var svært glade når karane var om bord att. Tanken på at desse karane skulle drive til havs, mens vi hadde klart å verte berga, er stygg. Då hadde det vore tragisk å kome heim til Tromsø.

Akkurat episoden med "Asbjørn" på kollisjonskurs med oss på flaket, såg nok verre ut enn den var, det var trass alt ikkje store farta "Asbjørn" hadde, men klart det kunne vorte ein lei episode om skuta hadde kløyvd isflaket eller kollidert med "Melshorn".

Tida om bord i "Melshorn" vart mykje lengre enn kva vi hadde kunna tenkje oss på førehand. Vi var litt med i fangstinga, men det som sit på minnet, er dei nydelege syltelabbane av selsveivar som kokken der om bord hadde laga. Vi kom omsider til lands i Canada; vi hadde berre det vi stod og gjekk i, så der vart vi oppdressa. Nye dressar, sko og moderne kapper til alle mann.

Enkelte var meir interessert i pjoletren enn skreddaren, så under mellomlanding i Paris vert ein mann observert med to altfor lange buksebein, medan kompisene har eit ferdig lagt opp, mens det andre er langt ned om skoen!

Til tider var dette dramatisk, det hadde vore forferdeleg å misse folket til havs. Dette var min fjerde og siste tur på Newfoundlandsfeltet, og mitt andre forlis der borte. Det vert jo sånn sirka ein halvpart ja, hm!" avslutta Paul.

(Artikkelen er skrive til boka «Når storstormen rasar», Ishavsmuseet 2002, revidert til 50 års minne 2020.)

**Kjelder:**

- Sunnmørsposten mars, april og mai 1970
- "Melshorn" si dagbok.
- Sjøforklaringa etter "Asbjørn" sitt forlis.
- Årsberetning vedkommende Norges fiskerier 1970 nr.10 Selfangsten 1970.
- Vi Menn nr. 18/92.
- Eivind H. Kristiansen – Ishavsfart for Ibestad og Gratangen.
- Samtale med skipper Nils Pilskog.
- Bildar frå skipper Nils Pilskog sitt fotoalbum.
- Samtale med maskinsjef Frode Lalid på "Asbjørn".
- Samtale med styrmann Paul Stark på "Asbjørn".
- Samtale med tidlegare styrmann Åsmund Nordgård på "Asbjørn".
- Samtale med Arna Jenssen, enkje etter skipper Bjarne Jenssen på "Asbjørn".

# AASEN



## BIL-DEMONTERING AS

- BRUKTE OG NYE DELER
- OFF. GODKJ. VRAKMOTTAK
- NYE DEKK OG FELGER

700 37 900

[www.aasenbil.com](http://www.aasenbil.com)



## VS Poland Sp. z o.o.

Tlf nr 95070668

*Stålkonstruksjoner - Aluminium produksjon - Konstruksjoner rustfritt stål  
- PE produksjon - skrog - seksjoner - alle type konstruksjoner - sport  
/fritid - trykksaker*

*Teknisk support - kjøp/salg - import/eksport - crewing*

# STØTT OSS MED DIN GRASROTANDEL!

Grasrotandelen gir deg som spiller hos Norsk Tipping mulighet til å bestemme hvem som skal motta noe av overskuddet til Norsk Tipping. Hver gang du spiller går inntil 7 prosent av din spillinnsats til den grasrotmottakeren du velger - uten at det går utover din innsats, premie eller vinnersjanse. Vi oppfordrer deg til å støtte oss i ISHAVSMUSEETS VENNER

-Bli med og støtt vårt arbeid for bevaring og formidling av vår polarhistorie!

Bli Grasrotgiver i dag! Du kan bli grasrotgiver i alle Norsk Tippings kanaler eller ved å sendeSMS «Grasrotandelen 997304527» til 60000



Returadresse:  
Ishavsmuseet, Brandalsvegen 28  
6062 Brandal

Porto Betalt P.P  
Avtale 617108/7

# Kunnskap

Per Johnson og Arnfinn Karlßen



## Polarolje 0,5 L

Den arktiske kuren for betre helse.

Polarolje er eit reink destillat framstilt av olje frå yngre grønlandssel. Etter mer enn 5 års klinisk forskning, viser forskere ved Haukeland universitetssykehus og Nasjonalt institutt for ernæring og sjømatforskning (NIFES) til oppsiktvekkende resultater, og kan vise til følgende helseeffekter:

- Behandling av ømme og stive ledd
- Bedring av immunforsvaret
- Hindrer sårannelser og eksem
- Regulerer mage/tarmfunksjonen
- Behandler psoriasis

Polarolje selges hos Coop-butikkene i Eidsvold, Valdres, Orsta, Ulsteinvik, Herøy, Bergøy, Bognes, Stryn, Støthheim, Folkestad, Fakk, Syvde, Røvde, Raudasberg, Selje, Lausdal, Olden, Sæbø, Verdal, Banstadsvika, Larvik, Gjerdvika, Molthusvika, Leikong, Tjørnåg, Ose, og Aheim.

coop

## Meir enn berre polarolje

Besök nettbutikken  
[www.polargodt.no](http://www.polargodt.no)

### Polarolje for hund

Den beste kuren for friske ledd, 0,5L

Spesielt gode resultat for:  
• Behandling av ømme, stive ledd  
• Behandling av seneskader  
• Bedrer hovkvaliteten  
• Gir blank, tjukk pels  
• Bedrer immunforsvaret  
• Bedrer mage/tarmfunksjonene



**kr 180,-**

### Polarolje for hest

Den beste kuren for friske ledd, 2,5L

Spesielt gode resultat for:  
• Behandling av ømme, stive ledd  
• Behandling av seneskader  
• Bedrer hovkvaliteten  
• Gir blank, tjukk pels  
• Bedrer immunforsvaret  
• Bedrer mage/tarmfunksjonene

**kr 644,-**

### Polarsalve

Naturens egen balsam.

Spesielt gode resultat for:  
• Problemsår  
• Bleireutslett  
• Eksem  
• Psoriasis



**kr 100,-**

### Pute

– Arctic White 40x40

Eksklusiv pute  
– i ekte arktisk pels



**kr 1699,-**

### Pute

– Arctic White 40x70

Eksklusiv skinn  
– i ekte arktisk pels



**kr 2196,-**

### Selskinn

Eksklusiv skinn  
– i ekte arktisk pels



**frå kr 900,-**

### Bilpute

– Arctic Grey 20x30

Kraftig strikk for festing rundt seteryggen



**kr 679,-**

